

Opningsord

Om oppdragets opphav

Dette prosjektet har utspring i eit erklært engasjement for menneskerettane, og Norges tilslutning til ein internasjonal kamp mot vald og overgrep. I og med signeringa av Palermoprotokollen, som supplerer FNs konvensjon om motarbeiding av grenseoverskridande organisert kriminalitet, forplikta Norge seg til ein aktiv innsats mot det som i originalteksten kallast trafficking in women and children, og som er omsett til handel med kvinner og barn. Den konkrete utforminga av konsekvensane av dette, er nedfelt i handlingsplanen som følgde etter underskrivinga av protokollen i Palermo. Som eit av punkta i ei rekkje av tiltak, slår denne planen også fast behovet for relevant kunnskap som kan auke innsikta i den aktuelle problematikken.

Lanseringa av den nye FN konvensjonen fall saman med ei stigande uro over ein påfallande auke i innslaget av utanlandske kvinner i gatebildet på strøket i Oslo, hovudsakleg frå Aust- og Sør-Europa. Det var ikkje berre talet på nye jenter som gjorde at dei kom i søkjelyset, men også mistanken om at dei var del av ein større samanheng som handla om organisert kriminalitet.

Førekomsten av utanlandske kvinner på den norske prostitusjonsarenaen var ikkje ny. Thailandske kvinner var for lengst godt etablerte på marknaden, og dei heldt fram med å vere den einskildnasjonen som var sterkast representert der, sjølv etter inntoget av dei europeiske kvinnene. Kvinnene frå Thailand har imidlertid aldri operert på strøket, og i motsetnad til dei som har kome frå våre nærområde, har denne gruppa i stor grad blitt usynleg og gløymt i den offentlege debatten. Trass i lang fartstid på marknaden, har kunnskapsmangelen om thailandske kvinner i Norge vore stor.

Påpeikinga av behovet for meir kunnskap, slik det vart slått fast i handlingsplanen, førte til tildeling av midlar til to forskningsprosjekt på oppdrag for Kommunal- og regionaldepartementet. Det eine, som vart utført i regi av Fafo og vart lagt fram den 8.mars 2004, presenterte eit oversyn over ulike nasjonalitetar på prostitusjonsmarknaden i Oslo, med spesielt fokus på kvinner frå Litauen, Ukraina og Albania (Brunovskis og Tyldum 2004). Det andre oppdraget var retta mot thailandske kvinner på den same marknaden. Det er dette prosjektet denne rapporten handlar om.

Prosjektets formål

Målsettinga med dette prosjektet har vore

”Å få kunnskap om livssituasjonen til thailandske kvinner som opererer på sex-markedet i Norge, med særleg vekt på aspekter knyttet til vold, tvang og utbytting. Man skal søke å antyde omfang av problematikken rundt handel med kvinnene, hvordan de er kommet til Norge samt hvilke nettverk, kontakter og bånd de har i Norge og til hjemlandet. Ulike sider ved ekteskapsmigrasjon og eventuelle elementer av utbytting (fra begge parter) kan vise seg særleg relevant å belyse spesielt i forbindelse med thailandske kvinner i Norge.”

Dette har medført innhenting av kunnskap om det som kjenneteiknar den delen av prostitusjonsmarknaden i Oslo som omfattar thailandske kvinner, inkludert forhold knytta til rekruttering og arbeidsvilkår.

Rapporten frå Fafo (Brunovskis og Tyldum 2004) stadfester kunnskapen om den sterke representasjonen av thailandske kvinner på prostitusjonsmarknaden i Norge. Ifølge deira undersøking, utgjorde denne gruppa ein tredel av dei kvinnene som opererte på marknaden i Oslo, inkludert norske kvinner. Brunovskis og Tyldum slår vidare fast at ein stor del av denne gruppa først går ut på prostitusjonsmarknaden etter eit tidsintervall som kan dreie seg om fleire år. Det er altså snakk om to slags reiser: frå Thailand til Norge, og vidare inn til prostitusjonsmarknaden. Kva er det som skjer på vegen? Kva blir utslagsgivande for vendingane desse reisene tar?

Utgangspunktet er altså ei uro for thailandske kvinners livssituasjon i Norge, og spørsmålet om korvidt, og i så fall på kva måte, dei er utsette for utbyting, vald og tvang.

Å nærme seg eit svar på dette krev ei forståing av den heilskaplege situasjonen til thailandske kvinner her, og ikkje berre dei som livnærer seg av sal av seksuelle tenester. Stor vekt er blitt lagt på det å få fram kvinnenens eige perspektiv og syn på eigen situasjon.

Konvensjonens kontekst og protokollens perspektiv

FN konvensjonen mot menneskehandel og organisert kriminalitet står som ein av ei rekkje internasjonale avtaler og konvensjonar mot trafficking eller handel med kvinner. Det er meir enn hundre år sidan den første internasjonale konvensjonen på dette feltet vart lansert.

Definisjonen av trafficking, og spørsmålet om ei avgrensing i forhold til prostitusjon, har stått sentralt i diskusjonane kring utarbeidinga av desse avtalane. Grenseoppgangen er ikkje sjølvstøtt, og feltet er sterkt ideologisk ladd.

I Palermoprotokollen er det blitt lagt stor vekt på at definisjonen ikkje skal bli for snever. Menneskehandel, eller trafficking, blir i tredje artikkel i protokollen definert som

”rekruttering, transport, overføring, husing eller mottak av personar, ved hjelp av trusler om bruk av vold eller bruk av vold eller andre former for tvang, av bortføring, av bedrageri, av forledelse, av misbruk av myndighet eller av sårbar stilling eller av å gi eller motta betaling eller fordeler for å oppnå samtykke fra en person som har kontroll over en annen person, med sikte på utnytting.”

Traffickingomgrepet omfattar her ikkje berre det som alment blir forstått som vald og tvang, men også mindre openberre former for maktutøving, som utnytting av ein sårbar posisjon, der spørsmålet om samtykke blir gjort irrelevant. I utforminga av den norske menneskehandelsparagrafen, som skal gi retningslinjer for praktisk oppfølging av dette i eit norsk juridisk system, er definisjonen gjort enno vidare. I den norske lovteksten er kryssing av landegrensar ikkje noko avgjerande kriterium. Organisert aktivitet i form av styrt eller systematisert verksemd, er heller ikkje nødvendig for å få noko definert som menneskehandel.

Kva blir konsekvensane av ein så omfattande definisjon? Oppnår ein det tilsikta offervernet, eller risikerer ein å forsterke ein allereie utsett situasjon?

Kvinner frå Thailand: kva er det vi veit?

Kjønnsrelasjonar i smilets land

Det imøtekomande og gjestmilde er noko av det som i høg grad har prega inntrykket av Thailand, i skildringar frå tilreisande så vel som i landets eigen sjølvpresentasjon (Cooper 1982:8). "Smilets land" blir det kalla. Folk frå andre deler av verda har lenge assosiert Thailand med velbehag, avkobling og rekreasjon. Denne funksjonen hadde landet for dei amerikanske troppane under krigen i Vietnam. Eit lågt prisnivå, i kombinasjon med synkande reisekostnader, har gjort Thailand til eit tilgjengeleg og populært feriemål for stadig større grupper av nordmenn.

Det tilsynelatane medgjerlege og tenestevillige har også vore gjenstand for frustrasjon, når det har gått opp for den reisande at ting ikkje var så eintydige som først tenkt, og det som berre har verka enkelt og gemeinsleg ikkje var så opplagt eller endefram. Thailand er eit land med store paradoks. Smilet kan vise seg å vere uutgrunneleg og gåtefullt. Antropologar har framstilt det maskerte, løynde og fordekte som eit kulturelt kjenneteikn (Van Esterik 2000:36).

Det hender at gjesten får brå innblikk i ein større kompleksitet enn den kontrollerte og tilrettelagte, og blir uforvarande konfrontert med ei meir brutal side av røyndommen. Desember 2004 var eit ytterleggående døme på det. Ei utsett stilling og eit truga tilvere vart brått flerrande openberr.

Om enn på mindre drastisk og dramatisk vis, har spenningsforholdet mellom det openberre og det som kan røre seg under overflata, også lenge utfordra samfunnsvitarar som har arbeidd med denne regionen. Ikkje minst har det vore slik med omsyn til kjønnsrelasjonar. Kvinner i Sørøst Asia har gått for å ha relativ høg status, i motsetnad til den klare mannsdominansen som så tydeleg har prega andre deler av Asia, som indiske og kinesiske samfunn (Van Esterik 2000). I ein heilt annan grad enn medsøstre i muslimske og høgkaste hindusamfunn, har kvinner i Sørøst Asia deltatt aktivt i arbeidslivet, og hatt stort økonomisk ansvar. Ut frå eit vestleg perspektiv kan dette lett bli tolka som eit teikn på ein likestilt posisjon, medan andre uttrykk for rang og makt blir oversett.

Makt og status er ikkje utan vidare krysskulturelt atkjennande storleikar. Ei euroamerikansk forståing av makt er knytta til økonomisk kontroll, handlekraft og styrke. Uttrykk for status og rang som ikkje er knytta til det blir tatt for å vere tom prestisje eller rein symbolisme. Makt blir knytta til aktivitet og effektivitet. Men i mange deler av Sørøst Asia, blir aktiv utøving av makt, eksplisitte ordre, eller det å vere involvert i direkte aktivitet: - altså det å utøve makt i vestleg forstand – oppfatta som mangel på spirituell makt og effektiv kraft, og det minskar dermed prestisjen (Atkinson og Errington 1990).

Kvinner i desse landa blir ofte oppfatta som meir kalkulerande, instrumentelle, og direkte enn menn. Ifølgje lokale kulturelle koder, kan den kontrollen dei har over praktiske forhold og økonomi godt framstå som det motsette av den form for makt og spirituell kraft som gir mest prestisje. Det er ikkje dermed sagt at mindre grad av økonomisk autonomi og kontroll over produktet av eige arbeid ville vore betre for desse kvinnene, men ein kan ikkje dra forhasta slutningar om automatisk samsvar mellom økonomisk sjølvstende og makt.

Dette kan vere noko av grunnen til at kjønn i sørøst asiatiske samfunn i heller liten grad har vore gjenstand for samfunnsvitarars interesse. Som Van Esterik har påpeikt, finst det lite om

kjønn frå denne regionen, ut over fastslåinga av det ho kallar ein myte om den relative høge statusen til kvinner (Van Esterik 2000).

Den utbreidde førestellinga om kvinners høge status i søraust-asiatiske samfunn er knytta til den rolla kvinner har som styrarar av det økonomiske. Det er vanleg at det er dei som administrerer og kontrollerer familieøkonomien, og delar ut lommepengar til mennene sine, heller enn å ta imot pengar frå dei. Men den andre sida av dette bildet er det store økonomiske ansvaret, og forsørgjerbøra, som ligg på kvinnene. Kvinner i Thailand har arverett, noko medsøstre i andre deler av regionen framleis kjemper iherdig for å oppnå. Residensmønstrer er matrifokalt, barndomsheimen går til den yngste dottera i familien. Men då er det også ho som sit att med ansvaret for foreldra i alderdommen. Mannen flyttar til hushaldet til kona ved giftarmål, og ved skilsmisse forlet han hushaldet. Det juridiske systemet gjer det då nærmast umogleg å insistere på barnebidrag eller andre former for økonomisk underhald.

Lyttleton, som har intervjuet kvinner på prostitusjonsmarknaden i Thailand, viser kor dei i høg grad utelukkar sjansane for å kunne basere seg på økonomisk støtte frå nokon andre: ”Thailandske menn treng ikkje opptre ansvarleg i det heile tatt, dei kan berre dra avgarde når dei finn det for godt.” (Lyttleton 2000:178)

Thailandske kvinner i fattigdomsrelatert migrasjon

Som ein del av den aktive rolla dei har spelt i arbeids- og produksjonsliv, har thailandske kvinner lenge hatt ein høg grad av geografisk mobilitet. Denne mobiliteten har vore midlartidig og repetitiv. Nyare utvikling har redusert kvinners sjansar til å sørge for økonomisk underhald på heimebane, og auka presset mot meir varige migrasjonsrørslar. Sjølv om jenter og gutar no har lik rett til skulegang, er ulikskapen i utdanningsnivå framleis stor, og kvinner stiller svakt i konkurransen om regulære arbeidsplassar. Utdanning av søner blir oftast prioritert framfor skulegang til døtrer, og det er ikkje uvanleg at det er ei søster, heller enn foreldre, som sørger for det økonomiske grunnlaget for ein ung manns akademiske karriere. For kvinner blir det økonomiske bidraget til foreldra sett på som ein måte å syne takksemnd på, som ei tilbakebetaling av gjeld dei står i etter det dei sjølve har mottatt (Singhanetra-Renard og Prabhudhanitisarn 1992, Thitsa 1980).

Dei fattigaste provinsane i Nordaust Thailand har peika seg ut som område der rekrutteringa inn til arbeidsmarknaden i storbyen har vore spesielt stor, blant kvinner på leit etter sjansar til å støtte ein pressa familieøkonomi (Phongpaichit 1982, Suchart 1989, Mills 1999).

Anten dei har vore klar over dette i utgangspunktet eller ikkje, har svært mange av desse kvinnene hamna i prostitusjon. Sjølv om prostitusjon formelt sett er forbode, har salet av seksuelle tenester vore viktig ikkje berre for det einskilde hushaldet, men også for nasjonalbudsjettet i landet, som ein meir eller mindre fordekt del av den turistrelaterte underhaldningsindustrien (Truong 1990, Lim 1996).

Flyttinga frå landsbygda inn til storbyen har for mange vore ein første del i ein mangledda migrasjonsprosess som har ført ut over dei nasjonale grensene, til andre land i regionen, eller til andre verdsdelar (IOM 2003). Personlege samband og sosiale nettverk har vore, og held fram med å vere, ein viktig faktor i migrasjonsmønsteret. Einskildpersonars migrasjonskarriere, når den historiske utviklinga har lege til rette for det, kan få store ringverknader i eit lokalsamfunn, noko som til dømes kjem tydeleg fram i Singhanetra-Renard's analyse av thailandsk migrasjon til Midtausten (1997). Pionerar som har utvandra på

eit opportunt tidspunkt, har tilført heimstaden kunnskap, kontaktar og kapital som har gitt varige føremoner i forhold til ikringliggjande lokalsamfunn, både for dei som har villa følge etter og dei som har blitt verande på staden.

Parallelt med den migrasjonen som skjer ved hjelp av personlege nettverk kjem ei utvikling der kommersielle agentar gjer seg meir gjeldande (Lisborg 1998, 2002). Framveksten av private rekrutteringsbyrå med skyhøge gebyr for formidling av arbeidsoppdrag, ofte av relativt kortvarig karakter, har vore enorm i ein by som Bangkok. Fleire av mine informantar hadde erfaring med bruk av slike byrå i forkant av innreisa til Norge, for oppdrag i Gulfen, Taiwan, Japan og Malaysia. Norge opnar ikkje for arbeidsinnvandring frå land som Thailand og private rekrutteringsbyrå var ikkje del av forteljingane om reisa hit.

Føreliggjande kunnskap om thailandske kvinner i Oslo

Pr. 1.jan. 2004 var den thailandske befolkninga i Norge på 5.910 (SSB). 4.999 var kvinner og 911 var menn. Meir enn halvparten av mennene (556) var under 20 år. Den thailandske befolkninga i Norge dreier seg først og fremst om kvinner som er her som ektefeller til norske menn.

Dei siste åra har det vore ei klar auke i talet på ekteskapssetableringar mellom norske og utanlandske statsborgarar, då spesielt mellom norske menn og kvinner med utanlandsk bakgrunn. Sidan byrjinga av nitti-talet har denne utviklinga aksellerert. Auken i kvinnelege ektefeller frå Thailand har vore særleg markant. Nest etter norske kvinner, har thailandske kvinner dei siste åra stått fram som den største gruppa av aktuelle ektefeller for norske menn. I 1990 var det 610 norske menn som gifta seg med utanlandske kvinner. 51 av desse kom frå Thailand. I første halvdel av nitti-talet låg det årlege talet på ekteskap mellom norske menn og asiatiske kvinner ein stad mellom 130 og 150. Dette steig til ca. 170 i 1997 og 1998, og i 1999 vart talet firedobla, til 630, derav 275 kvinner frå Thailand. Sidan det har talet vore jamnt stigande. I 2003 gifta 1100 norske menn seg med asiatiske kvinner. 600 av desse kvinnene kom frå Thailand. I 2004 steig talet på inngåtte thai-norske ekteskap til 695 (UDI).

Pr. 1.jan 2004 var det 1013 thailandske kvinner busett i Oslo, og 651 i Akershus. Ut ifrå undersøkinga dei gjorde oktober 2003, rekna Brunovskis og Tyldum med at det på det tidspunktet var 177 asiatiske kvinner på prostitusjonsmarknaden i Oslo. Pro Sentret var i kontakt med 153 asiatiske kvinner i løpet av 2004. 148 av dei kom frå Thailand. Sjølv om thailandske kvinner er den største gruppa av utanlandske kvinner på prostitusjonsmarknaden her, tyder ikkje dette at dei fleste thailandske kvinner i Norge tilbyr sal av seksuelle tenester.

Det finst ikkje mykje tilgjengeleg materiale om thailandske kvinner på prostitusjonsmarknaden i Oslo. Det som finst, tyder på eit langt på veg lukka og isolert miljø. Då Skilbrei gjennomførte undersøkinga si på massasjeinstitutt i Oslo i 1994, var thailandske kvinner alt godt etablerte på marknaden. Eit klart skilje mellom desse kvinnene og dei norske var tydeleg alt då. Skilbrei rapporterer at dei norske kvinnene oppfatta dei utanlandske kvinnene som langt dårlegare stilt (Skilbrei 1998:97). Dette synest langt på veg å ha blitt stadfesta av direkte observasjonar i felten. Lokaliseringa av dei thailandske massasjeinstitutta som var med i studien var meir skjult enn stadane der dei norske kvinnene opererte, og kvinnene der var oftare aleine på jobb.

Ein studie av eit utval kvinner på massasjeinstitutt i Oslo, utført i samarbeid med Prostituertes Interesseorganisasjon PION, konkluderte også med at desse kvinnene arbeidde mykje, var

sosialt isolerte, hadde lite språkkunnskap ut over morsmålet, og lite kjennskap til rettar og hjelpetilbod (Müller-Nielsen 1998).

I løpet av det siste tiåret har thailandske kvinner vore involvert i einskilde rettsaker på grunnlag av hallikparagrafen. Pro Sentret slår også fast at utnytting og tvang på ulikt vis kan vere ein del av prostitusjonen for nokre av dei thailandske kvinnene i Norge, og at nokre av dei kan vere organisert hit (2003:60). Dette er ein lite oversikteleg del av marknaden. Omfanget er ikkje kjend, men det synest vere lite grunnlag for å tru at det er særleg stort. Etter det Pro Sentret har erfart, opererer størsteparten av dei thailandske kvinnene på den norske prostitusjonsmarknaden freelance frå leilegheiter eller hotell, eller i tilknytning til massasjeinstitutt. Mange av dei har ein stor grad av kontroll med arbeidsmengd og arbeidsform.

Eit anna forskningsprosjekt som også var retta mot spørsmålet om eventuell trafficking frå Thailand, vart nyleg gjennomført i regi av JURK, i samarbeid med den norske ambassaden i Bangkok. I dette prosjektet er visumsøknadar til Norge blitt gjennomgått med tanke på trafficking og organisering av thailandske kvinners innpass i Norge. Ifølge prosjektrapporten er det lite grunnlag for å tru at førekomsten av organisert trafficking frå Thailand er stor (Eljarbø og Eek 2004).

Thailandsk massasje, eit tradisjonsrikt handverk

Klassisk massasje har djupe røter i Thailand. Den bygger på både indisk og kinesisk medisin, og bygger på førestellinga om ein livgivande energistraum *prana* som kan påverkast og frigjerast av denne massasjen. Den avgjerande livsenergien følger eit nettverk av kanalar i kroppen (*sen-linjer*) som svarar til dei kinesiske energibanane, meridianane, som ligg til grunn for akupunktur. Gjennom massasjen, som går ut på å strekke ut *sen-linjene* og trykke på nøkkelpunkt ved hjelp av hender, føtter og alboger på ein måte som tilsvarar akupressur i kinesisk medisin, søker ein å opprette ein energibalanse i kroppen. Tradisjonell thai massasje er nær knytta til buddhistisk tenking. I Thailand er det skular i denne formen for massasje ved fleire tempel. Mest kjend er Wat Po. Kursa er av ulik lengd og omfang.

Tradisjonell thai massasje er retta mot eit heilskapleg velvere, og tilsiktar fysisk, psykisk og kjenslemessig likevekt. Ein meir spesifikk helsegevinst kan dreie seg om lindring for ryggplager, stiv nakke og verkande ledd. Omsett til vestleg tradisjon kan det samanliknast med fysioterapi og kiropratikk.

Thailandsk massasje blir sett i samband med avkobling, nyting og rekreasjon. Det er ikkje utan grunn at det har blitt assosiert med sal av seksuelle tenester, som ofte har vore tilgjengeleg på dei same stadane. Like fullt er dette ikkje synonyme omgrep, og skulle ikkje behandlast som det. Thailandsk massasje er ein reell kompetanse som kan fylle eit legitimt, alment helsebehov. Både i Thailand og i Norge utøver kyndige massørar denne kunsten og held seg til det. Men her i Norge har desse i liten grad nokon arena å operere på som er skilt frå prostitusjonsmarknaden. ”Thai massasje” er eit omgrep som hyppig blir brukt om det som hovudsakleg dreier seg om sal av seksuelle tenester og lite ut over det. Her er det også ei stor gråson. Mange tilbyr begge deler, og det kan vere uklart og uoversikteleg å ta greie på kven som driv med kva.

Erfaring og fortolking – forteljingar frå felten

Tilnærming og gjennomføring

Ettersom vekta har lege på kvinnenens livssituasjon og deira eige perspektiv på dette, har direkte møte med thailandske kvinner, både i og utanfor prostitusjonsmarknaden i Oslo, vore eit sentralt element i tilnærminga mi til dette arbeidet.

Gjennom Pro Sentret fekk eg kontakt med ei thailandsk kvinne som eg fekk tilsett som assistent, dørøpnar og språkmedhjelpar. I samarbeid med henne møtte eg kvinner frå Thailand som sel seksuelle tenester i Oslo. Feltarbeidet strekte seg hovudsakleg over ein periode på tre månader, men kontakten med nokre av kvinnene heldt fram ut over denne perioden, og nokre av samtalanane gjekk føre seg etter at det mest intensive feltarbeidet var avslutta. Feltarbeidet omfatta samtalar og observasjonar på fire registrerte massasjeinstitutt og fire leilegheiter som fungerte som base for sal av seksuelle tenester. I nokre tilfelle handla det om eitt besøk, til andre stader kom eg ofte tilbake.

Eg møtte tilsaman tjuetvå kvinner på massasjeinstitutt eller i leilegheiter som fungerte som base for sal av seksuelle tenester. Ti av desse hadde eg meir inngåande samtaler med, enten der dei sjølv arbeidde, eller på ein skjermastad på eit anna massasjeinstitutt.

For å få tak i biletet av ein meir heilskapleg livssituasjon for thailandske kvinner i Norge, la eg også vekt på å kome i kontakt med thailandske kvinner på andre arenaer. Desse kom eg i kontakt med gjennom eit kompetanse- og undervisningssenter for innvandrerkvinner og eit krisesenter i utkanten av Oslo. Eg snakka med fem kvinner som eg møtte på kafe, heime hos dei, eller i min eigen heim.

For å forstå meir av konteksten rundt mine informantar, og kunne utfylle deira historier med andre inntak til kunnskap om thailandske kvinner i Norge, har eg også snakka med representantar for den thailandske buddhistforeninga, samt helse- og sosialarbeidarar, lærarar, politifolk og medarbeidarar på krisesenter som har kontakt med thailandske kvinner.

For å få betre innsikt i vilkåra til thailandske migrantar i andre europeiske land, og kunne sjå den norske situasjonen i eit komparativt perspektiv, planla eg ein studietur til Tyskland. Dette let seg av praktiske årsaker ikkje gjennomføre. I staden har eg gjort intervju pr. telefon med tyske organisasjonar som arbeider spesielt med thailandske kvinner: Ban Ying i Berlin, og Amnesty for Women i Hamburg.

Om lange reiser og mange etapper

Eg har valt å leggje fram materialet mitt gjennom ein presentasjon av sju livshistorier. Desse er valt ut fordi dei på ulike måtar illustrerer typiske trekk ved livssituasjonen til thailandske kvinner i Norge, og fordi dei, samla sett, får fram ei breidde og ein variasjon i dette biletet. Historiene er anonymiserte og redigerte, men bygger på faktiske møte i felten. Dei handlar om kvinner både i og utanfor prostitusjonsarenaen.

Blant dei av hovudinformantane mine som hadde etablert seg på prostitusjonsarenaen, var det ingen som hadde gått beinveges ut på denne marknaden etter at dei kom til Norge. Det er lite som tyder på at prostitusjon var del av ein opprinneleg intensjon, verken med omsyn til kvinnene sjølv, eller andre som måtte dra fordel av verksemda. Dette gjeld også dei som har bakgrunn frå sal av seksuelle tenester i heimlandet. Tidsrommet frå innreisa i Norge, til

inntoget på prostitusjonsmarknaden, dreier seg i mange tilfelle om fleire år. *I dette mellomrommet ligg der eit forebyggingspotensiale.*

Slik situasjonen er for dei som kjem hit på grunnlag av familiesameining, ligg ansvaret for samfunnsintegrering på den norske ektefellen. Dersom ein skal betre desse kvinnes situasjon, og dempe presset mot utnytting av ei sårbar stilling, må tiltak rettast mot det som kan leggje til rette for ei fullverdig deltaking i norsk arbeids- og samfunnsliv, heller enn ei jakt på einskilde bakmenn.

Vegen inn i Norge

Nit Olsen, frå den andre sida av velferdsgapet

Første gong eg møter Nit, stiller ho med norsk-thai ordbok. Ho har berre vore her i vel eit år, og norskkunnskapane hennar er enno begrensa. Men ho jobbar aktivt med saka. Iherdig prøver ho stadig å utvide ordforrådet, og bruker det ho har med ein slående ekspressivitet og kommunikasjonsvilje. Humoren er stor og livfull, og latteren sit laust. Men forteljninga hennar er lite lystig.

Nit var nest yngst i ein stor ungflokk. Faren jobba på eit bryggeri, med enkel tilgang til ”Thai whisky”. Når han var berusa, og det var han ofte, gjekk det ut over barna, og kona ikkje minst. Då slo han. Så døydde han av skrumplever medan Nit enno var lita.

Då Nit sjølv gifta seg var ho enno i tenåra, og hadde alt eit barn med ein mann som hadde gått ifrå henne. Samlivet med mannen medførte mykje gjentakningar av det ho hadde opplevd i barndomsheimen. Mannen slo henne når han var full og hadde stadig nye kvinner på si. Då han til slutt flytta til ei anna kvinne, sat Nit att med fem barn. Sjansane til å finne arbeid som var innbringande nok til å forsørge dei, var små der ho var.

Gjennom eit formidlingsbyrå i Bangkok fekk Nit arbeid som hushjelp i Saudi Arabia. Sidan ho budde i huset, og fekk alle måltid der, kunne ho sende det ho tente til barna i Thailand. Eitpar gonger fekk ho også kome tilbake på korte besøk. Slik heldt ho på i ein ti års periode, til Saddam Hussain invaderte Kuwait og gulfkrigen gjorde slutt på opphaldet i utlendighet, for henne som for så mange andre.

Då ho kom tilbake til Thailand, hadde Nit med seg pengar nok til å kjøpe hus i Bangkok. Men der måtte ho også forhalde seg til det som hadde hendt medan ho hadde vore vekke. Pham, den eldste av døtrene hennar, var alvorleg sjuk. Det var ingen behandling å oppdrive. Nit stelte dottera i to år, medan ho vart tynnare og tynnare. Nit viser med hendene korleis ho stadig minka. Så døydde ho. Nit viser meg ein bunke av bilete frå den buddhistiske gravferdsseremonien. Lange rekker av munkar med trommer og cymballer. Munkar framfor bugnande fat, med offer for den døde. I tillegg til munkane var Nit og Phams far elles dei einaste som var til stades. Ingen andre våga å kome, seier ho. Dei frykta forbanninga frå den brutale sjukdommen.

Eit av bileta syner dottera medan ho framleis var i godt hald, framfor huset som vart kjøpt med pengar frå Gulfen. Men Nit makta ikkje halde på det huset. Dei oppsparte midla ho hadde kome tilbake med, tok slutt. Etter at ho selde eigedomen, prøvde ho å drive ein liten restaurant, der ho ei tid hadde to tilsette, men utkommet vart for usikkert og gjekk fort i minus

heller enn i pluss. Barna skulle ikkje berre ha mat og klede, dei skulle også ha skulegang. Det kosta.

Ein føresetnad for at det i det heile tatt kunne gå, var pengar frå Norge. Nit hadde neppe vore i stand til å ta på seg omsorga for den sjuke dottera ved sidan av ansvaret ho hadde for dei andre barna, utan økonomisk støtte frå ei søster som var busett her, og som sende henne månadlege bidrag i mange år. Då Nit måtte gi opp drifta av den vesle restauranten, oppfordra søstra henne til å prøve sjansane som kunne by seg på arbeidsmarknaden i Norge. Nit selde resten av den eigedommen ho hadde, og kom hit saman med ei anna dotter.

Gjennom kontaktnettet til tanta som var busett her, møtte denne dottera ein mann som ho gifta seg med, medan mora reiste tilbake til Thailand etter at den tilmålte tida for turistvisumet var gått. Då var ho imidlertid fast bestemt på å gjere eit nytt forsøk. Og nokre år etter, med slektningars hjelp, kom Nit att. No hadde ho både barn og barnebarn her. Ho ville gjerne bli. Skulle ho få til det, måtte ho gifte seg med ein norsk mann.

Ho sette først inn ei kontaktannonse, og fekk mange svar. Men det førte ikkje fram. Etter det Nit seier, svarte korkje alderen eller figuren hennar til forventningane til dei som responderte. Då oppsøkte Nit ein mann ho hadde møtt den første gongen ho var her. Han var langt eldre enn henne, men han sa ja til forslaget om giftarmål.

Gjennom ekteskapet har Nit fått tilhald i eit rikt land, men mannen hennar er ikkje spesielt rik. Han er uføretygda, og synes det kunne vere vanskeleg nok å få pengane til å strekkje til som det var, utan ei kone å forsørgje. For ikkje å snakke om familiemedlemmar han aldri har sett på den andre sida av jordkloda. Aldersskilnaden mellom ektefellene er stor. Samlivet krev at Nit må ta i eit tak. Rett som det er må ho hjelpe mannen i seng om kvelden etter at han er somna på sofaen, saman med hunden Albert. Dette tar ho med humør. Det er godt ho har god rygg. Ho undrar seg ein del over den plassen hunden har i heimen, men tilpassar seg det og: "Albert var jo her før meg!" Vanskelegare er det at dei forventningane ho hadde til underhald av familien i Thailand, som ho oppfatta som del av ekteskapsavtalen, ikkje blir følgt opp.

Nit har ein son att i Thailand. Denne sonen er også alvorleg sjuk. Kvar månad gjer Nit det ho kan for å få sendt han eit raust pengebeløp. Ho har enno ikkje fått arbeid, men tener noko på å tilby massasje heime hos folk som kjenner henne. Ho veit mykje om ømme musklar og stive ledd, ho har kursbevis fra ein anerkjent skule i Bangkok. Nit har sin eigen mobiltelefon, og blir av og til også oppringt frå massasjeinstituttet til ei veninne. Elles er det mest døtrene som overfører pengar til den sjuke broren i Bangkok.

Nit håpar nokon kan gjere guten hennar frisk. Som det no er, får han ingen behandling og det er ikkje medisinar som kostar. Dersom sonen etter kvart må på sjukehus blir det svært dyrt, Nit er klar over det. Men det ho no vil, er at han skal ha alt han ønskjer seg. Den maten han har lyst på. Dei kledda han vil ha. "Eg vil at han skal vere happy" seier ho innstendig. "Hvis han ikkje er happy, går det fort berre nedover og nedover med han." Dottera var ikkje happy, seier ho vidare. "Ho tenkte på mykje. Og ho døydde fort. Kanskje han, hvis han ikkje tenkjer på for mykje, vil døy sakte." Ho vil ha sonen til å tenkje framover, og leggje fortida bak seg: "Du skal gløyme det som var før" fortel Nit at ho seier til han. "Du skal heller tenkje på det som kjem etterpå."

Nit snakkar ofte med sonen i telefonen. Men ho er ikkje i tvil om at det gagnar han best at ho er her. Sett at ho dro til Thailand for å passe på han, seier ho, men ikkje hadde pengar til å sørge for han. Kva gagn ville det vere i det?

Tapet av dottera er tungt å bere. ”Eg ville ikkje sjå barnet mitt døy,” seier Nit. ”Det var jo eg som skulle døy først. Men eg klarte ikkje å passe på henne. Eg var langt borte når ho trong hjelp. No vil eg iallfall prøve å passe på barnebarna mine. Det er det eg kan no.

Eg prøver å tenkje på det som er bra. Det og det er bra, tenkjer eg. Eg vil ikkje tenkje på det som ikkje er bra, og vil ikkje tenkje for mykje. Eg øver meg i å vente. Eg drøymmer om det som er fint. Av og til går eg inn i fine butikkar og ser etter klede. Eg tar med det eg likar inn i prøverommet, og håpar at eg ein dag vil kunne kjøpe det. Så legg eg det tilbake på plass. ’Tusen takk!’ seier eg, og går heim. Dersom eg får meir pengar ein dag, kan eg jo gå tilbake.”

Forsørgjaransvar og pengebehov

Nits forteljing handlar om ei mors oppleving av eit akutt pengebehov. Det dreier seg om å vere aleine om eit stort forsørgeransvar, og om ein mann som aukar den børa, heller enn å dele den. Det er ei historie om leitinga etter ein overlevingsstrategi der utsiktene til inntening er få og avgrensa.

Det var svært få av dei kvinnene eg snakka med, som ikkje var mødrer før dei kom til Norge. Dei fleste hadde fleire barn i Thailand då dei kom. Dei færraste av dei kvinnene eg møtte hadde barna med seg hit i utgangspunktet, men mange hadde lukkast i å få barna til Norge etter ei tid. Døtrrer som slik kom til Norge ved familiesameining, kunne gi mødrene mykje avlastning med husarbeid og pass av yngre søsken.

Men det er ikkje alle som har satsa på å få barn busett i Thailand, over til Norge. Og nokre av dei som har fått innvilga søknad om familiesameining, har gått tilbake på forsøket på å få til eit felles tilvere her, og sendt barna tilbake. Tilpasninga til eit liv i Norge kan by på store utfordringar for ein ungdom vokal opp i ein heilt annan kultur. I mange tilfelle har barna heller ikkje levd saman med mor før ho reiste til Norge. Livssituasjonen og arbeidsforholda hennar kan ha gjort det naudsynt for henne å la barna vekse opp hos andre, gjerne besteforeldra. Å flytte til mor i Norge medfører då ikkje berre eit oppbrot frå eit kjent miljø, barna har også blitt skilde frå sine nærmaste omsorgspersonar. Det er ikkje gitt at mor og barn kjenner kvarandre godt. Og førestellinga om endeleg å få leve saman, som kan ha vore ein lenge etterlengta draum, kan få hard medfart i møte med den verkelege kvardagen.

Orienteringsarbeidet i forhold til ein ny kulturell kontekst, med andre verdiar og normer, set forholdet mellom mor og barn på prøve. I ein del tilfelle utviklar det seg til å bli ein sak for barnevernet. Den unges ønskje om å identifisere seg med norsk levesett og det å kunne gjere sjølvstendige val i forhold til eige liv, kan kome i konflikt med mors forsøk på å utøve sterkare styring frå foreldrehald. Men ei slik handheving frå hennar side er heller ikkje i samsvar med ein thailandsk autoritetsstruktur, som så ettertrykkjeleg definerer makt og myndigheit som maskuline kvalitetar. Mors posisjon som autoritetsperson blir undergrave frå begge hald. Dette samsvarar med annan forskning om barnevernet og etniske minoritetar (Punternvold Bø et al 2004).

For mange blir løysinga å la dei barna som er fødde og oppvaksne i Thailand, bli buande der, medan mor sender pengar til underhald frå Norge. Dei som maktar det økonomisk, reiser

jamnleg på kortare opphald til Thailand, og held på den måten oppe ein kontakt med barna så vel som med andre slektningar.

Det var ikkje berre barn i heimlandet som fekk økonomiske bidrag frå dei thailandske kvinnene eg møtte. Den thailandske kvinna ber også mykje ansvar for andre familiemedlemmer, som foreldre og søsken. Nit fekk sjølv uvurderleg hjelp av ei av døtrene som alt hadde etablert seg i Norge, medan ho tok seg av ei anna, dødssjuk dotter i Thailand.

Fra fattigdom til ein draum om materiell tryggleik

Kvinnenes forteljingar handlar om eit utgangspunkt der kampen for tilveret har vore hard. Mange har kome frå store søskenflokkar, og har tidleg måtta bistå mødrer som har stått aleine med forsørgeransvaret.

Då Jin var lita, var familien hennar eigentleg velstående. Frå det tradisjonelle huset deira, på påler i innsjøen, dreiv faren ein liten heimebasert fabrikk som leverte fiskesaus over heile landet, og tente godt på det. Men han øyde pengane på kvinner, drikking og gambling. Når han drakk, gjekk det hardt ut over den han var gift med. Jin fortel korleis ho og søskena prøvde å stogge han ved å gripe fatt i det dei kunne få tak i, og slå mot han. Det monna lite. Gong på gong hamna mora i vatnet, og måtte reddast opp frå båt. Etter at faren hadde forlatt familien og flytta saman med ei anna kvinne, dukka pengeoppkrevarane opp.

Mange av forteljingane handlar om forsøket på å skaffe pengar, og om høg kompetanse på det å organisere ein krevande kvardag og gjere maksimalt ut av knappe midlar. Fleire har prøvd å halde det gåande med småhandel eller små bedrifter. Skrapa saman til ei kjerre, og selt suppe eller nudler i vegkanten for eitpar bhat pr. tallerken. Jin og mannen hennar klarte seg på eit vis på den måten, til mannens familie brått dukka opp: Foreldra, to brødre og ei søster, tok det som sjølvsagt at dei kunne flytte inn hos det unge paret, og bli forsørgra på ei familiebedrift som så vidt gjekk i hop.

Jin kjøpte kyllingar på den lokale marknaden, slakta dei og selde dei på den større marknaden eit stykke unna. For å rekke å lage til kyllingane måtte ho starte før det vart lyst. Når grønnsakene, lange bønner, var innhaustingsklare, måtte ho stå opp i mørkret og klippe dei ned. For det skulle vere fersk vare, på marknaden dugde det ikkje med grønnsaker som hadde stått frå kvelden før. Ho var dødssliten, og livredd for slangar. Og utkomet var knappast til å leve av.

Ikkje alle var vokst opp i armod. Nokre hadde erfart eit drastisk velferdstap, ei brå endring i den økonomiske situasjonen som førte til ei oppleving av akutt krise. Dekking av familiens behov er i høg grad dei unge kvinnenes ansvar. Gambling er ein utbreidd syssel, særleg blant menn. Farens gjeld etter storsatsing på noko som slår feil, eller fatalt pengespel, kan sende døtrer ut på prekær leiting etter sjansar til inntening.

Giftemål som einaste innpass til riket

Før ho kom til Norge, hadde Nit eit langt opphald i Gulfen. Mange av kvinnene eg snakka med har tidligare migrasjonserfaringar. Ei har vore i Japan, der ho mistrivdes sterkt og kom seg vekk derifrå før først tenkt. Ei av dei andre har vore eskorte for ein amerikaner som hadde eit oppdrag i Tunis. Fleire har hatt halvårskontraktar på fabrikk i Taiwan.

Med alle dei unntak som passar for oss, har Norge stengt grensene sine for arbeidsinnvandring. For dei som kjem frå Thailand, ligg den einaste sjansen til langtidsopphald i Norge i familiesameining, ekteskap med ein norsk statsborgar. Som ektefeller til norske menn gjer dei thailandske kvinnene ein stor innsats for at forholdet skal fungere. Dei kjem hit med draumar om kjærleik. Men det er ikkje sagt at banda dei har i utgangspunktet, og kjærleiken til dei dei alt er knytta til, blir utradert.

Vegen vidare

Renu Nes, og draumen som bleikna

Den dagen eg møter Renu, har ho sin første arbeidsdag på massasjeinstituttet der vi treffast. Då har ho vore i Norge i meir enn tjue år. Ho har høyrte om denne staden frå ein mannleg bekjent, som har fortalt henne at ho kan lære klassisk massasje der. Ho har med seg forslag til arbeidsklede, slik ho er blitt oppfordra til: ei rosa ettersittande bukse, og ein liten kvit topp med blondkant.

Foreldra til Renu var pottemakerar. Ho fullførte barneskulen på heimstaden i Nordaust Thailand før ho flytta til ein slektning i Bangkok og byrja jobbe på ein restaurant. Det var der ho treffe den norske mannen som ho gifta seg med. Han var då på ferie i Bangkok. Det han brukte på ein kveld på restauranten, tilsvarte meir enn ei månadsløn for ei som jobba på kjøkkenet der. Møtet med nordmannen innebar ein sjanse til å sleppe unna slitet på restauranten, og gav Renu utsikter til ein enklare måte å sørge for seg og sine. Men Renu gjer det klart at ho også var betatt. At mannen frå nord også vekte ein draum om nærleik, omsorg og eigen familie. Han reiste og kom att. Den andre gongen han kom, gifta Renu seg med nordmannen og då ferien var over vart ho med han til heimstaden i Norge.

”Det var eit sjokk å kome til Norge,” seier Renu. ”Det var midt på vinteren, og trea sto der utan eit einaste blad. Eg syntest det likna på bilete eg hadde sett frå Afrika, - ein livlaus, tørkeramma stad. Den første tida eg var der, berre sov og sov eg.” Men på spørsmål om ho hadde kome med denne mannen dersom ho hadde visst kva som venta henne, seier ho ja. ”Eg var så vilt forelska. Kaldt eller varmt – eg trur eg ville ha følgd med han heile vegen uansett.”

Renu vart fort gravid. Sonen vart fødd etter eit knapt år. Mannen var mykje vekke. Renu verkar usikker på kva han dreiv med, seier prøvande at det kan ha vore ein slags forretningsverksemd. Renu var heime og passa barn medan mannen var ute og reiste. Opphalda hans heimanfrå vart stadig lenger. Renu var mykje aleine. Kvar månad sende ho eit fast beløp til foreldra i Thailand, som etter kvart fekk bygd eit nytt hus.

Forelskinga bleikna. Og kommunikasjonen mellom ektefellene hadde magre kår. Ikkje berre fordi mannen så ofte var borte, og Renu var overlata til seg sjølv og barnet. Også når dei var ilag, var kommunikasjonen mellom dei vanskeleg. ”Han er ein taus mann,” seier Renu. ”Han snakkar ikkje mykje med nokon.”

Det var fleire utlendingar der ho budde, deriblant også ei anna thailandsk kvinne. Renu hadde noko kontakt med dei. Men etter kvart som ho vart meir og meir tung til sinns, isolerte ho seg i aukande grad, og veik unna når dei ho kjende, prøvde å ta kontakt. ”Eg trengte nokon å snakke med. Men eg klarte det ikkje. Eg skjulte meg for alle. Så bygga det seg berre opp, og til slutt eksploderte det. Eg tømte eit glas med piller. Allergipiller eg hadde fått mot pollenallergi. Sonen min var då ti år. Han overnatta hos besteforeldra sine den natta. Og

mannen min var på reise. Eg kan ikkje seie kvifor eg gjorde det. Eg har inga forklaring. Og etterpå hugsar eg lite av kva som hadde skjedd. Eg trur ikkje eg tenkte at eg ville døye. Eg berre gjorde det.”

Det var ei veninne som fann Renu, og fekk henne på sjukehus. ”Eg vakna opp til eit grønt rom, og fire grønnkledde personar. ’Kva skjer? Kvifor er eg her?’ tenkte eg då. Ein psykolog kom og snakka med meg. To gonger kom ho. Men ho stilte berre det same spørsmålet, det eg sjølv ikkje visste svar på – om kvifor eg hadde tømt det pilleglaset. Det veit eg framleis ikkje.

Mannen min kom aldri til sjukehuset. Han er ein sta person. Med hjelp av ein sosionom fekk eg tatt ut separasjon og kom inn på eit krisesenter. Der var eg i ein månad. Så rømte eg tilbake. Eg berre dro. Eg syntest synd på han, følte at han trong meg. Og at eg trong han. Og så sakna eg sonen min.

Men det vart ikkje betre etter at eg kom tilbake. Det vart berre verre. Han var rasande, veldig irritert. Slo i bordet og i veggen. Meg slo han aldri. Det var eg trygg på. Men tilslutt pakka eg sakene mine og dro tilbake til krisesenteret. Då vart eg der i fire månader. Mannen min prøvde aldri å ta kontakt med meg eller oppsøkje meg etter at eg hadde reist. Til det er han altfor sta. Så fekk eg leilegheit saman med sonen min. Sonen min tenkte mykje, og følgde ikkje skikkeleg med på skulen. Eg følte at han trong meg, og at eg skulle vere der og hjelpe han. Eg jobba ikkje, greidde meg på sosialhjelp. Da sonen min vart 12 år, valde han å bu saman med faren sin. Kort tid etter det flytta eg frå distriktet.

Etter at ho flytta, byrja Renu på norskkurs. Ho jobba som vaskehjelp, stuepike og servitør. Sleit med økonomien og syntest det var vanskeleg å få kontakt med folk. Ho strevde. Ei bok om sjølvtilitt let til å ha hatt avgjerande betydning for henne: ”Eg hugsar ikkje kva boka heiter, eller kven som har skriva henne. Men ho vart viktig for meg. Ingen hadde fortalt meg om den boka, eg kom berre over henne. Eg likar å lese, og fekk hjelp av den boka. Der sto det om kor viktig det er korleis ein framstår. At ein er tydeleg. Snakkar direkte til folk. Og ser folk inn i andletet. Særleg det. Slik gjer ikkje jenter i Thailand.”

Renu er samla og konsentrert, og ser beint på meg, der vi sit i sofaen på pauserommet og snakkar. Ho har snakka lenge, og treng ein røyk. For å få tak i eit askebeger i kjøkkenhylla må ho forbi institutteigaren, som sit på ein krakk med ein bolle salat litt bortanfor oss. Idet Renu går forbi, bøyer ho kvikt hovud og kne slik at ho kjem i ein fysisk lågare posisjon enn institutteigaren på krakken. Ei tradisjonell thailandsk markering av eit hierarkisk forhold sit i kroppen på henne. Den nykomne medarbeidaren syner respekt for den som er overordna, ved å sørge for at hennar eige hovud ikkje ragar høgare enn hovudet til den andre.

”Eg likar bøker som stiller spørjeteikn”, seier ho når ho kjem tilbake. ”Dei som kjem med nye spørsmål heile vegen: Kvifor skal det vere slik? Det er det eg likar. Tilslutt kan det kome svar. Eller ikkje. Det er ikkje det som er det viktigaste. Det er spørsmåla.

No veit eg at eg får til det eg vil. Ikkje med eit klikk, ikkje med det same. Men litt etter litt. Det tek tid. Det veit eg. Men eg veit også at eg kan få til mykje. Så lenge eg lever, må eg stå på. Og eg lærer noko nytt kvar dag. Eg har falt og reist meg att mange gonger. Eg har funne ut at eg må vere innstilt på å prøve ny ting. Dersom det eg prøver på, ikkje går lenger, og eg møter veggen, må eg finne på noko nytt. Då må eg lære noko anna. Ingen andre kan hjelpe meg. Dersom eg sjølv ikkje kan hjelpe, då er det ingen andre som kan det heller.” No har ho altså kome for å lære klassisk massasje. På veggen over sofaen der vi sit heng institutteigarens

vitnemål frå skulen i Bangkok, og oversiktsplansjar over sentrale massasjepunkt og energibaner.

Vil ho gifte seg igjen, spør eg. ”Nei,” seier Renu. ”Eg trur ikkje eg kjem til å møte nokon no som – som det blir blink med. Ein må vere glad i kvarandre. Elles er det best å la vere.” Det er fleire år sidan ho var i Thailand sist. Ho har ikkje hatt råd til å reise på ferie, seier ho. Og ho er ikkje innstilt på å flytte tilbake no. Sonen er blitt stor. Ho vil vere i nærleiken av han. Seier ho er redd for at han skal kome borti ting som ikkje er bra. Han har flytta heimanfrå no. Har sambuar og forlova seg ifjor. ”Men han høyrer enno på kva eg seier” seier Renu. ”Det er eg glad for.”

Det Renu seier ho ønskjer seg, er å finne ein stad der ho kan slå seg ned. Få ein fast, sikker jobb her i Norge. Men på sikt vil ho gjerne tilbake til Thailand. Det er der ho ønskjer å bli gamal, og det er der ho ønskjer å ”kaste livet sitt”; det er der ho vil døy.

Prisgjeven den eine

Dei fleste thailandske kvinner som kjem til Norge som ektefeller til norske menn, kjem ut i distrikta. Ofte kjem dei til grisgrente strøk.

Enten dei hadde sitt første møte i Bangkok eller Oslo, er utgangspunktet for partane i eit thainorsk ekteskap svært ulikt, og sjansane til å avklare, utdjupe eller forhandle om forventningar til kva alliansen skal innebære, er begrensa. Mykje av begrensingane ligg i den tida ein har til disposisjon: geografiske og migrasjonspolitiske forhold pressar ofte fram ei formalisering av forholdet, for i det heile tatt å gjere samvær mogleg. I tillegg kjem ei vesentleg språkbarriere. Språket er vidt forskjellig, fonetisk som grammatikalsk. Kjennskapen til den andres morsmål kan vere liten på begge sider, og mange må klare seg best dei kan med eit sterkt avgrensa engelsk ordforråd.

Dersom ho hadde hatt status som flyktning, hadde Renu blitt omfatta av eit tilrettelagt integrasjonsprogram. Ho hadde då fått tilhøyre eit miljø, faste kontaktpersonar hadde fulgt henne opp, og ho hadde fått ein sjanse til å bygge opp ein sjølvstendig plattform her. Slik det no er, kviler dette integreringsansvaret og innføringa i det norske samfunnet på den norske mannen. Den thailandske ektefellen er prisgjeven denne eine, og avhengig av hans iver etter at ho skal bli sjølvstendig. I Renus forteljing, som skildrar ein kvardag der einsemda veks, er det ingen aktiv motstand mot dette som blir skildra. Ho skildrar heller eit fråver og eit tomrom, og ei motløyse som veks i eit isolert tilvere. I andre forteljingar er isolasjonen eit utslag av ein aktiv motstand frå mannens side. ”Kvinner som veit for mykje er ikkje bra,” sa ei av kvinnene, og refererte til det mannen hadde sagt.

Frå og med hausten 2005 kan familiesameinte ektefeller ikkje haldast unna norskundervisning utan at det får konsekvensar for utsiktene til opphaldsløyve. Dette er eit skritt i rett retning. Men utelatinga frå integrasjonsprogrammet for dei som ikkje har flyktningstatus, er ei prioritering av midlar som på sikt kan vise seg å vere ei heller dårleg disponering. Arbeidsløyse, sosialtrygd, og psykisk samanbrot er også kostbart.

Vegen inn til den store marknaden

Det er mykje i Renus forteljing som kan likne ei typisk forteljing til ei norsk kvinne som har søkt tilflukt på eit krisesenter. Men thailandske kvinner har enno vanskelegare kår. I og med

kravet om tre års botid før dei kan oppnå opphaldsløyve på sjølvstendig grunnlag, er dei utsette på heilt anna vis. Treårsregelen kan bli eit maktmiddel for mannen. Utan alliansen med han står ho svakt.

Talet på utanlandske kvinner som har søkt tilflukt på norske krisesenter har auka sterkt dei siste åra. Det er ikkje dermed gitt at norske menn som er gift med thailandske kvinner er av eit spesielt ille slag. Det høge forbruket av krisesenter skriv seg i mange tilfelle frå eit begrensa nettverk. Dersom det då røyner på i ekteskapet, er der ingen andre stader å gå. Dette blir fort til sirklar der sjansar og utvegar fortonar seg meir og meir avgrensa.

Brunovskis og Tyldum har slått fast at mange thailandske kvinner går ut på prostitusjonsmarknaden etter meir enn eit år i Norge. Mitt materiale stemmer godt overeins med dette. Ifølge Brunovskis og Tyldum har to tredeler av dei thailandske kvinnene sin første erfaring med sal av seksuelle tenester etter at dei kom hit. Dette kan til dels vere eit spørsmål om definisjonar og sjølvforståing. Å livnære seg på inntekter frå turistar, og kanskje fleire samtidig, blir ikkje nødvendigvis rekna som prostitusjon av kvinner tilknytta turistnæringa i Thailand. Medan det også i mitt materiale er døme på kvinner som debuterer på marknaden i Norge, tyder undersøkinga mi på at mange kjem til Norge med ei form for prostitusjons-erfaring. Mange av dei går aldri ut på marknaden i Norge. Og det at det går lang tid for dei som gjer det, tyder på at dei kjem hit med heilt andre intensjonar. Noko skjer på veggen.

Suda Larsen, og fangenskapet i vestkantvillaen

Når eg møter Suda, er ho innlagt på eit psykiatrisk sjukehus, men har fått permisjon for å besøke ei veninne. Det er eigentleg denne veninna eg har avtale med, men Suda kjem med til avtalen, og vi snakkar saman over eit kafebord.

Suda kjem frå ein landsby i Nordaust-Thailand. Søskenflokket er stor. Då Suda hadde gått to år på skulen, døydde faren, og Suda slutta skulen for å hjelpe mora på rismarkene. Ho var 20 år då ho reiste frå landsbyen og byrja jobbe på eit hotel i Bangkok. Som Renu trefte ho også ein nordmann på ferietur. Dei gifta seg i Thailand og Suda vart med til Norge.

Mannen hadde eit høgstatusyrke og ein stor villa i utkanten av Oslo. Der flytta Suda inn og der oppheldt ho seg stort sett dei neste par åra. Ho vart snart gravid, og vart så heimeverande med sonen. Det meste av tida var ho aleine med han. Ho deltok ikkje i norskkurs og lærte heller ikkje mykje norsk på anna vis. Mannen heldt fram med å reise på ferie til Asia, men utan å ta henne med.

Ho er oppsedd til å vere velvillig, imøtekomande og positiv. Og Suda har lang trening i å praktisere dette, og tilpasse seg vanskelege forhold. Har fått innprenta at det ikkje er bra å tenkje for mykje, og har gjort sitt beste for å følge det rådet, aleine der i villaen.

Når mannen kom med separasjonspapira og peikte ut rubrikkane der ho skulle skrive namnet sitt, visste ikkje Suda kva ho skreiv under på. Den filippinske kvinna som skulle ta plassen hennar, var då alt i gang med førebuingane til Norgesreise, truleg utan å vite stort om den samanhengen ho då kom inn i.

Då ho forsto kva som hadde skjedd, braut det saman for Suda. Ho vart sjuk i hovudet, seier ho sjølv. Dei trugande stemmene i hovudet let seg ikkje stanse. Dei overtok heilt. Når eg møter henne har ho vore innlagt på psykiatrisk sjukehus i meir enn eit halvår.

Etter fleire runder i rettsapparatet har Suda no fått opphaldsløyve på sjølvstendig grunnlag. Når eg spør henne om ho har vurdert å reise tilbake til Thailand, seier ho nei. Ho kan ikkje det pga sonen. Advokaten hennar har gjort det klart at Suda ikkje kan ta sonen sin med seg til utlandet for lenger tid. Ettersom foreldreansvaret er delt, treng ho underskrift frå barnefaren dersom ho skal reise ut av Norge med guten, og ho har forstått kor små utsikter ho har til å få det.

Den prekjære fasaden og det brå samanbrotet

Som Renu i det foregåande dømet, braut Suda brått saman. I Renus tilfelle hadde samanbrotet form av eit sjølvmondsforsøk, for Suda var det psykosen som tok over. Tilsynelatande skjjedde det svært brått.

Dei thailandske normene om kva som kan visast fram og kva som må haldast skjult og i taume, er strenge. Ein harmonisk utsjånad og ei plettfri fasade er ein høgt skatta kulturell verdi. Psykiske problem blir ikkje gjerne omtalt thailendarar imellom, det er viktig å framstå som roleg, avbalansert og sjølvkontrollert. Ein skal ikkje tenkje for mykje, minte informantane mine meg ofte på.

Men presset kan vere stort. Det blir vanskeleg å halde tankane i sjakk når ein lever i høg grad av isolasjon, som Suda. I Thailand er dei andre alltid til stades. Ein er, på godt og vondt, alltid del av eit større fellesskap. Sudas isolasjon handla ikkje om å vere plassert i ein geografisk periferi, men det å vere underlagt mannens trang til kontroll. Maktubalansen i eit blanda ekteskap kan brukast heilt bevisst.

Samtidig som normen om ikkje å tenkje for mykje på personlege problem, ofte vart gjentatt blant dei eg møtte, var viljen og evna til å snakke like slående. Dette stadfestar behovet for og betydninga av eit apparat som kan fange opp teikn på psykiske kriser. I tillegg til formidlinga av kunnskap om kva rettar ein har i eit norsk ekteskap, og kva ektefeller kan kreve av kvarandre.

Utskiftbar og erstatteleg

Mannen Suda gifta seg med, erstatta henne når han gjekk lei, og skifta henne ut med ei ny kvinne. Dømet er ikkje unikt. Krisesentra har meldt frå om døme på at menn har spekulert i regelen om tre års botid i Norge og skifta ut kona før retten til opphald på sjølvstendig grunnlag var opparbeidd, kanskje like før fristen. Andre informantar fortalde om tilfelle der kona var blitt med til Thailand på det ho trudde var ein ferietur, og etterlatt der utan returbillett, når mannen var gått lei.

Dette er opprørande historier, historier om overgrep. Men pr. i dag veit vi lite om kor representative dei er, eller i kva grad det dreier seg om einskilde grove tilfelle. Dette har vi ikkje nok kunnskap om. Valdsutøvinga er del av ein allmenn problematikk, der kunnskapsmangelen generelt sett er stor (jmf. Rapporten frå Kvinnevaldsutvalet, 2003). Problemfeltet gjeld også norsk-norske ekteskap, og maktkampen har likskap med den som utspelar seg mellom etnisk like par. Men den avhengige posisjonen ei thailandsk kvinne har til sin norske ektemann, gir han eit spesielt overtak. Mister ho godviljen hans, mister ho sjølve hovudgrunnlaget for opphaldet her. Faren for utkastning gir høve til valdsutøving i form av trugsmål og psykisk terror. Ho er prisgjeven. Å seie mannen imot, kan koste henne dyrt.

Mange veit om kravet om tre års botid som føresetnad av innvilging av opphaldsløyve på sjølvstendig grunnlag. Færre veit om at sannsynleggjering av fysisk eller psykisk vald gir grunnlag for opphald før dei tre åra er gått. Og dei som har tatt opp kampen for å oppnå dette, veit at utfallet er uvisst og det skal mykje til å få gjennomslag (Ljoså 2001).

I Norge har ein rett til å gifte seg med den ein vil, og ein har rett til å gjere feil val. Å innskrenke denne retten er eit inngripande tiltak. Men solid forankra kunnskap om norske samfunnsforhold, og grundig kjennskap til rettar og plikter som gjeld for ektefolk her, er ei motvekt til ein prisgitt posisjon. Ei slik orientering kunne formidlast gjennom mange kanalar og på mange måtar. Noko kunne byrje alt før avreisa frå heimlandet.

Nadia Madsen, vraka etter fullført nedbetaling

Eg hørde om Nadia lenge før eg møtte henne. Fleire av kvinnene eg hadde møtt, hadde nemnt henne som i meir enn eit tiår hadde betalt for den norske ektemannens bil, husbygging og oppussing, frå pengane ho tente på thailandsk massasje. Mannen visste godt kvar pengane kom frå. I ti år hadde han også sendt pengar til svigermora i Thailand, pengar som var frå same kjelde, men som måtte overførast i hans namn, sidan Nadia ikkje kunne dokumentere noko inntekt for eigen del. Så ein dag, då hus og bil var nedbetalt, ville han ikkje meir. Han ville skiljast, og slo fast at han ikkje lenger ville bu saman med ei hore. Hora måtte ut, og etter mannens påstand i retten hadde ho då ikkje krav på noko som helst frå han. Kompensasjon for halvparten av huset hadde han jo betalt forlengst, han kunne jo legge kvitteringar for alle overføringane til Thailand på bordet. Skulle det delast på huset i Oslo, ville han kreve tilbakebetaling av alt som påviseleg var gått til husbygging i Bangkok. Nadia på si side hadde ingen dokumentasjon å legge framfor seg.

Og sidan Nadia ikkje hadde noka inntekt å vise til, sto ho også uhyre svakt med omsyn til spørsmålet om foreldrerett og dagleg omsorg for sonen ho hadde med den norske ektemannen. Guten var då ni år. To gonger stilte Nadia i retten, men ho tapte også ankesaka. ”Eg synest det er rart han vann den saka,” seier ho bittert, ”så mykje som han drikk. Whiskyflaskene står på rad og rekke i soverommet. Men det er han med den norske stemma dei stoler på. Mitt ord er ikkje mykje verdt. Då han vart spurt korleis han hadde fått tak i så mange pengar som han hevda å ha sendt til Bangkok, sa han at han hadde lånt av ein ven. Venen kom og vitna i retten.”

Eg møter henne ein søndags ettermiddag, i leilegheita til den veninna ho jobbar saman med. Veninna, Rita, er også til stades, og ein mann som også gjerne hiv seg inn i samtalen. ”Du forstår,” seier han, ”det er mange menn som utnyttar det at kvinnene kjenner så lite til rettane sine. Rettstryggleiken deira blir uhyre låg. Mange av dei lærer ikkje norsk, og skriv under på kva som helst utan å ane kva som står der. Heilt urimelege samværsavtaler, til dømes. Rita fekk elles skyhøge parkeringsbøter på ein bil ho for lengst hadde selt. Ho hadde gitt papira til kjøparen, som hadde latt vere å sende dei inn. Så sto bilen framleis i hennar namn. Eksmannen hennar prøvde også å nekte for at han hadde fått dei bidragspengane ho hadde sendt han. Godt for henne at ho hadde meg, som kunne hjelpe henne med å halde greie på rekneskap og bilag.”

Nadia tek ordet. ”Dei som gifter seg med ei kvinne frå Thailand, bør vite kva dei gjer,” seier ho. ”Dei må hjelpe henne til rette med jobb og språkkunnskap. Og dei må vite at thai damer treng thai mat. Dei kan ikkje leve av brød og poteter.”

”Det er kanskje 20 prosent av dei thailandske kvinnene i Norge som er heldig med mennene sine,” seier Rita. ”Men dei aller fleste er ikkje det. Mange menn ser på kona som ei inntektskjelde som gjer eigen innsats overflødig. Dei skal ha kona til å betale for alt frå treningsstudio til gutteturar på byen.

Men vil dei bli her i landet, må desse kvinnene berre prøve å halde ut. Blir dei skilde, risikerer dei utvising, og det sjølv om dei har vore gift i meir enn tre år,” hevder Rita. ”Det er det som skjer dersom dei ikkje har jobb, eller barn med ein norsk mann.”

I byrjinga av opphaldet her jobba Nadia i blomsterbutikk til 35 kr timen. Ho har forsøkt seg på sal av sjølvbakte kaker og sjølvhekla kjoler. Ingen skal seie at ho ikkje har prøvd å tene på anna vis! Men husleiga er høg. Den skal betalast. Det ho kan tene på thailandsk massasje og sal av seksuelle tenester let seg ikkje samanlikne med nokon av dei inntektsalternativa ho elles har, seier Nadia. Og samarbeidet med Rita gir både tryggleik og fellesskap. Kundane representerer ikkje noko stort problem, forsikrar dei meg. Slemme menn kan stortsett avvisast i døra. Dei kjenner seg røynde og godt kvalifiserte til å gjere den vurderinga.

Mannen i sofaen grip ordet att. ”Saka for mange av desse kvinnene er at dei har mange pengar utan å kunne gjere seg ordentleg bruk av dei,” slår han fast. ”Utan fast jobb får dei ikkje lån. Til og med Rita, som har registrert seg med eige firma, fekk ikkje lån til ny leilegheit utan at eg kausjonerte for henne. Ho har drive firmaet sitt i tre år, og vart norsk statsborger for halvanna år sidan. Årleg registrert inntekt har lege på vel 300 000 kr. Det heldt likevel ikkje. Og det er relativt få som er registrerte som sjølvstendig næringsdrivande. Det er jo ganske komplisert å drive slik i Norge. Det er mykje papirarbeid som ikkje utan vidare er så lett. Profesjonell bistand er dyrt.

Vil dei låne pengar, finst der alltid muligheter for det. Men på den uoffisielle marknaden blir dette dyrt, renta er skyhøg. Utlånarane kjem oftast frå det same miljøet. Ikkje nordmenn, men folk frå miljøet som har forretningssans. Det heile fungerer som ein slags pyramidespel, og liknar mykje på det som finst i norske miljø der det er svarte pengar, har eg lagt merke til. Eller høyrte,” rettar han det til.

Kva ser desse kvinnene for seg at dei gjer om tre år? Då skal ho ha slutta å jobbe, svarar Rita, som snart er 35. Då skal ho leve av oppsparte midlar, og institutta sine. Arbeidskompanjongen Nadia er ti år eldre. Ifølge Rita har ho sjanse til maksimum fem nye år i denne businessen. På sikt vil ho gjerne drive butikk. Selje mat eller klede, og betale skatt. Og finne ein snill mann som vil ta vare på henne. Om ho har tenkt på å reise tilbake til Thailand? Nei, det går ikkje. Begge barna har norsk pass.

”Det er ikkje lett å reise tilbake dit vi kom frå. Men det er neimen ikkje lett å leve i Norge heller,” seier Rita. ”Du treng eit sterkt hovud og eit sterkt hjarte for å kunne leve her.”

Telefonen kimer i eitt køyr. Den får enten ringe til den stilnar, eller innringarane får beskjed om å ringe tilbake seinare. Det er sjenerøst av desse kvinnene å setje av så mykje tid til meg på slikt eit travelt tidspunkt. Samstundes verkar dei oppriktig interesserte i å fortelje. ”Du har jammen ei stor oppgave foran deg, som skal samle inn stoff om dette, og fortolke det,” seier mannen i sofaen. ”Eg synest synd på desse kvinnene,” legg han friskt til. ”Ingen vil vel eigentleg leve slikt eit liv. Men det er vel snakk om kva du er villig til å ofre for familie og vener.”

Den umoglege tilbakevendinga

Når tilveret her er så vanskeleg, kvifor reiser ikkje Nadia attende til Thailand? Som så mange av dei andre kvinnene, er barna det første ho nemner. Dei har tilhald her, og ho er djupt knytta til dei. Kva skulle ho dessutan ta seg til i Thailand, og leve av der? Alternativa er ikkje mange. Som så mange andre, vil ho gjerne halde tett kontakt, og reise heim når ho kan, men ser ikkje for seg at ho kan flytte tilbake for godt på ei god stund.

Den thailandske forfattaren Pira Sudham, som sjølv kjem frå Nordaust Thailand, har skildra noko av dette dilemmaet i ei av novellene sine, der ei jente som har reist inn til Bangkok, lengtar seg sjuk etter å kome tilbake til landsbyen. Ein drosjesjåfør er villig til å køyre henne dit for ein redusert pris, og ho blir opprømt med. Men når han skal vende attende til byen, kjem ho brått springande etter:

”I said that our family had only limited land to grow rice, and there was hardly any room for me in the hut or in the field. I would become only an extra mouth to feed, a burden on my son and his wife. ’And besides, no man in the village or nearby villages would marry this poor, ageing hag. I don’t want to be an old maid here all my life’ I sobbed. (Sudham 1994:52)

Tanken på å bli ein ekstra munn å mette, ei bør for resten av familien, var ikkje til å halde ut.

Den sterkastes rett

Dei thailandske kvinnene som kjem til Norge, stiller med mange ressursar. Dei er vande til å bruke dei sjansane dei har, og nyttar eigne evner med kreativitet og dugleik. Dei er kyndige kokkar og høgt kompetente massørar. Men den kompetansen dei stiller med, let seg ofte vanskeleg bruke til noko som kan anerkjennast her. Skulegangen, og den formelle kompetansen elles, er ofte svært begrensa. Ei utbreidd oppfatning i det norske samfunnet som utan vidare koplpar thailandske kvinner, eller søraust-asiatiske kvinner generelt, til prostitusjonsarenaen, og set likskap mellom thailandsk massasje og prostitusjon, er ytterlegare med på å innskrenke handlingsrommet og kan fungere på sjølvoppyllande vis.

Nadia er eit døme på ei kvinne som både er sterk og dyktig. Ho har fått til mykje. Ho har handtert ein krevande kvardag, med ungepass, husarbeid, og inntening. Mora har fått eit godt hus å bu i. Ho trudde lenge at ho hadde fått ein avtale med mannen som fungerte for begge partar. Han vart gjeldsfri etter å ha skaffa seg store goder her, medan ho fekk oppfylt forplikningane sine som dotter, og sikra ein trygg alderdom for mora i Thailand. Så lenge mannen samarbeidde gjekk dette greit. Når det ikkje lenger passa han, vart avtalen gjort til inkje. Denne avtalen var fullstendig avhengig av hans velvilje. Hennar bidrag, innsats og kompetanse var udokumenterbar, usynleg og ingenting verdt.

Ekteskapet varte i mange år. På kva tidspunkt intensjonen om utbytting oppsto, eller tok over, er eit ope spørsmål. Nadia påstår ikkje at det var mannen som sende henne ut i eit lyssky gebet. Gjensidig økonomisk ansvar er ein del av dei lovfesta vilkåra for norske ekteskap. Det er tjue år sidan Høigård og Finstad peikte på korleis handheving av hallikparagrafen kunne fungere som kriminalisering av samliv (1986:365ff), eit resonnement som seinare skulle få innverknad på norsk rettspraksis (NOU 1997:23).

Det er når det langvarige ekteskapet til Nadia går i oppløysing, og konfliktsituasjonen blir openberr, at mannens sjansar til å gjere maksimalt ut av ein overlegen posisjon kjem tydeleg fram. Nadias situasjon blir ei ytterlegare tydeleggjering av den avhengige posisjonen som har kome fram i dei foregåande døma, og viser enno ein dimensjon ved denne, enno ein sjanse til utnytting av ei sårbar stilling. Det skilsetjande og gjennomgåande spørsmålet er kvifor den stillinga i utgangspunktet er så sårbar som den er.

Frå ein avhengig posisjon til ein annan

Utan formelle kvalifikasjonar, vitnemål eller eksamenspapir, står ein svakt i det norske samfunnet. Fleire av dei kvinnene eg møtte, snakka om, eller viste, behovet for ein brubyggjar-posisjon. Som kan tolke brev, hjelpe til med utfylling av skjema, juridisk bistand, og bistå i orienteringsarbeidet i forhold til det norske byråkratiet. For mange fører dette til at dei går frå ein prisgjeven situasjon til ein annan, igjen avhengig av den andres velvilje. Di sterkare behova er, di større blir sjansen til utnytting.

Dersom det hadde vore ein uavhengig instans å gå til med desse behova, ein stad der kvinner som Nadia og Rita kunne fått hjelp til tolking av forvirrande brev og uforståelege forskrifter, utfylling av kryptiske søknadsskjema og framskaffing av naudsynte bilag, ville det vere med på å auke sjansane deira til oppbygging av eit sjølvstendig tilvere her.

Den mangfaldige marknaden

Somsak Berg, dyktig massør

Det er roleg i lokala til massasjeinstituttet når eg kjem inn dit, ein tidleg ettermiddag midt i veka. Rommet eg kjem inn i, er lyst og ryddig, med store vindauge ut mot gata. Like ved inngangsdøra står ein ekspedisjonsdisk, men dei to kvinnene som er til stades, sit i ein romsleg skinnsalong framfor tv-apparatet. Dei er begge kledd i mørke bukser og enkel, kvit t-skjorte. Ved sidan av sofaen står ei rekke hyller med blad og tidsskrift, litt på norsk men mest på thailandsk. På veggen heng innramma fargefoto frå innviinga av instituttet, med den safrankledde buddhistiske munken som utførte ritualet.

Det ligg ein faldar på ekspedisjonsdisken, med prisliste over ulike typer massasje. Eg velger meg full kroppsmassasje, og blir vist inn i det eine av to avlukke. Ei stor seng tek det meste av plassen der. På ei hylle ved fotenden ligg ein bunke kvite handkle og rosa flaskar med massasjeolje. På nattbordet står eit lite musikkanlegg med ei rekke plater. Der står det også ein enkel liten figur: eit raudt, omringa hjarte, stilt opp på ein liten sokkel.

Ho masserer med sikre tak, ei ganske røff behandling som til dels gjer litt vondt. Særleg når ho vrir og bender beina mine, så lårmusklane blir strekt. Eg er stiv, seier ho, temmeleg stiv. Det skal krefter til denne formen for massasje. Innimellom legg ho heile kroppstygda til. Somsak har lært massasje ved eit renommert institutt i Bangkok. No har ho vore i Norge i sju år. Dei første fem åra budde ho eit stykke utanfor Oslo, saman med sin norske mann. Der trivdes ho ikkje spesielt godt. "Det var jo berre skog der" seier ho og smiler. No bur ho i Oslo, framleis saman med mannen, den vesle dottera dei har ilag, og tenåringsdottera som har kome hit på familiesameining frå Thailand.

Rundt halsen har Somsak ein amulett med eit portrett. Det viser seg å vere eit bilde av mor hennar, som døydde for snart tre år sidan. Snart står ho på veg til Thailand for å vere med på ein stor minneseremoni. Utlegga og organiseringa er det Somsak som står for.

Bortsett frå ei niese som er gift i ein småby på austlandet, har Somsak ingen annan familie i Norge. På spørsmål om ho kjenner mange andre frå Thailand her, svarer ho at ho ikkje har hatt så mykje tid til det. Men Wat Thai, det buddhistiske templet i utkanten av Oslo, har ho besøkt fleire gonger.

Eg spør kva ho ønskjer seg for framtida. Då nøler ho ikkje. Ho ønskjer å reise tilbake til Thailand, seier ho. Tilbake til den staden ho kjem frå. Der vil ho gjerne drive pensjonat for studentar eller skuleelevar saman med mannen sin. Det verkar som ho har tenkt igjennom dette, svara kjem kjapt.

Eg blir massert i ca ein time, og på spørsmål om det, får eg greitt skrive ut ei kvittering. Så blir eg ønskt velkomen att. Seinare kjem eg att for samtale i skinnsalongen. Både kvinner og menn er innom lokala medan eg sit der. Dei som målbevisst strener inn til avtalt time, og dei som prøvande spør etter prisar, og seier dei skal tenkje på det.

Tenester i ei gråsone

Thailandsk massasje er eit klassisk handverk. Fleire av dei som opererer på marknaden, held seg til det. Men ved mange av desse stadane er seksuelle tenester også til sals, noko som skaper ei stor gråsone og tvitydnad med omsyn til kva som går føre seg og kven som driv med kva.

Thailandske kvinner opererer helst saman med andre thailandske kvinner, medan norske har sine egne baser. Men mange av hovedprinsippa for drifta av massasjeinstitutt synest gå att på tvers av ulikskapane. Trass i dei norske informantane sin avstandtaking og opptrekking av skarpe skiljelinjer til det utanlandske, synest mykje av Skilbreis (1998) skildring av organiseringa av norske massasjeinstitutt, å samsvare med drifta av dei thailandske stadane eg fekk kjennskap til.

Eigaren av verksemda, som betalar leige og organiserer drifta, opptrer i mange tilfelle som sjølvstendig næringsdrivande. Då må ho meistre kontakten med det norske byråkratiet, ha språkkunnskapar nok til å kunne rapportere og føre ryddig rekneskap, eller kunne betale for bistand til dette. Å tilsette medarbeidarar, med det det inneber av ansvar og avgifter, blir av dei fleste rekna for å vere for dyrt og for risikabelt. Som regel er det grader av tilknytning: nokre er til stades på rimeleg fast basis, medan andre kan tilkallast etter behov – eller dei melder seg eventuelt etter som dei har høve. Eindel kvinner i mobil prostitusjon veksler mellom det å operere på eiga hand, og det å inngå i eit samarbeid i ei felles leilegheit eller eit etablert institutt. Det er opp til dei einskilde medarbeidarane å sjølve registrere seg som sjølvstendig næringsdrivande. I praksis er det sjeldan at andre enn den som er ansvarleg for instituttet eller leilegheita, er registrert.

Honoraret for tenestene blir delt mellom eigar og tenesteytar. Ein fast del av vederlaget for ulike tenester går til institutteigar, og reknast som kompensasjon for leige av lokala og administrasjon av bedrifta. Om ho tilbyr tenester ut over det som er oppført på prislista, er i prinsippet opp til den einskilde kvinna.

San Johansen, ved ein mellomstasjon i ein underetasje

Eg kjem til staden saman med min thailandske assistent. Vi er blitt bedne om å stille utanfor blokka på den gitte adressa klokka to, så skal vi bli vist inn. Ingen er der når vi kjem, men vi får kontakt pr. mobiltelefon og blir forsikra om at San er like om hjørnet. Snart kjem ho springande over vegen. Ho syner fram hendene sine: dei er svarte av blåbærsaft. Ho kjem direkte frå bærsanking i skogen.

Den staden San no disponerer er ikkje eit registrert institutt, men ei leilegheit som blir brukt av fleire kvinner som annonserer individuelt. Inngangen til lokala er frå gårdsrommet. Vi må gå rundt hjørnet til baksida av bygget, og så ned i kjellaren. San har drive massasjeinstitutt fleire stader i byen før, og er blitt jaga ut fleire gonger, gjennom opne naboaksjonar og meir lyssky hærverksåtak. No er ho forsiktig. Ingen skilt, hverken på framsida eller på baksida av huset, ymtar noko om dei tenestene som er tilgjengelege der.

Nede i lokala er lyset dimt. Vi kjem inn til ein romsleg sofaseksjon som er stilt framfor eit stort tvapparat, der ein thailandsk videofilm rullar over skjermen. Ei kvinne i kort svart kjole sit i ein stol og følgjer med, godt inntulla i ei dyne. På bordet framfor henne ligg seks mobiltelefonar på rekke og rad. Rommet har ein open kjøkkenkrok i eine enden. Så er der tre tilstøytande soverom.

San lagar søt svart kaffe, og set seg ned saman med meg i sofaen. Ho fortel om tidligare forsøk på å drive institutt, om utkastingar, tap og gjeld. No har San nyleg flytta massasjeverksemnda si inn i nye lokale, men er usikker på om ho kan halde fram der. Husleiga er høg, og ho har fått melding om ein ytterlegare auke frå neste månad. Og trass i det iherdige forsøket på å utøve diskresjon, er ho til eikvar tid budd på at ho kan bli kasta ut på grunn av mistanken som kan knyttast til den stadige trafikken av menn inn og ut av kjellaren. Det er eit sjansespel å drive massasjeverksemd, seier San. Risiko er høg og inntekta kan vere laber. Den siste tida har ho vore på minussida. Utlegga til oppussing av nye lokale har vore store. San har lang røynsle frå sexmarknaden, både i Thailand og Norge. Den norske mannen ho gifta seg med treffe ho i Pat Pong, det turistretta redlightdistriktet i Bangkok, der ho dansa i ein go-go bar. Til Bangkok kom ho som niåring, for å bu hos tanta som tenestegjorde i det kinesiske kvarteret der. Det er det einaste ho seier om den første tida i hovudstaden. Det ho har av skulegang er frå tida ho hadde i landsbyen. To år var det ho rakk.

Då ho starta massasjeinstitutt i Oslo, hadde San opparbeidd stor gjeld, og behovet for pengar var presserande. Ho var då skilt frå den norske mannen, som ho hadde to barn med. Røynsla ho sat med frå Bangkok, utgjorde ein kompetanse ho kunne bygge på. San seier ho gjerne ville ha tent pengar på anna vis. Ho har hatt vaskejobbar, men ryggen verker og utbyttet er magert. Ho har tenkt på å prøve å få opna eit gatekjøkken, i utkanten av Oslo kanskje. Ho er god til å lage mat. Av og til har ho blitt beden om å lage mat for nordmenn som skal ha selskap, ho har vore aleine om middagsførebuingar til femtito gjestar, fortel ho. Det har gått fint. Men ho er klar over at det å få løyve til å drive gatekjøkken ikkje er noka enkel sak.

Ho saknar heimlandet, seier San. Dei siste åra har ho berre vore der eitpar gonger på korte besøk. Har ikkje hatt pengar til meir. Men på grunn av barna kan ho ikkje tenkje seg å flytte tilbake. Dei er rotfesta her. Når dei byrjar jobbe, seier San, då håpar ho at ho kan reise tilbake for eit lenger opphald. Eit års tid iallfall.

Rekka av telefonar på bordet framfor den eine tilgjengelege kvinna let til å stadfeste det San seier om ei usikker verksemd. Etterspurnaden synest ikkje vere så stor. San forklarar at dette delvis heng saman med at det er midt på sommaren: mange av kvinnene, så vel som kundane, er opptekne og borttreist på ferie med familiane sine. Ho som sit klar framfor telefonrekka, Katja, er skilt frå sin norske ektemann, og alle barna hennar er i Thailand. Ho har høve til å jobbe mykje.

Ein av telefonane på sofabordet kimer medan vi sit der. San svarer raskt: "Nei ho jobber ikkje idag. Men Katja er her. Du får toppløs massasje." Dette blir tydelegvis akseptert. Kunden får same instruks som oss, han blir beden om å kome til den gitte adressa og vente på å bli vist vegen inn. Han skal han ringe igjen når han er komt fram.

Katja, som inntil då har site taus framfor videofilmen, vender seg brått mot meg: "Eg skal seie deg ein ting: Mange spør kvifor dei som jobber med thai-massasje ikkje vil ta nokon annan jobb. Men det er ikkje enkelt! Eg gjorde eit forsøk på å gå tilbake til den tidlegare vaskejobben min på eit hotell her i byen, men dei hadde fått greie på at eg hadde jobba på eit massasjeinstitutt, og nekta å ta meg tilbake. 'Beklager!' sa dei. 'Det går ikkje!' Eg hadde vaska for dei i sju og eit halvt år og dei hadde alltid vore fornøgd med den jobben eg gjorde. Likevel var det umogleg for meg å få tilbake arbeidsuniformen."

Like før vi skal gå ringer telefonen att. Kunden er utanfor. Vi blir hastig skyssa inn i eit av soveromma medan Katja geleider han inn.

Tida har gått ifrå oss. San seier seg lei for at ho ikkje har fått gitt oss noko mat medan vi var på besøk. Ho finn fram ein porsjon ferdiglaga curry frå kjøleskapet, og heller den over i ein plastboks. Den sender ho med oss når vi går.

Eitpar veker seinare høyrer eg at San har flytta verksemda si til ein annan bygard i Oslo sentrum. Og når eg litt seinare kjem inn i det gardsrommet, ser eg urteplantene som er satt ned i beda mellom blomstrane langs husveggen. Jordsmonnet er dyrebart.

Med eller utan skilt

Som Rita i det tidligare dømet, leiger San eit husvere som står til disposisjon for fleire. Dette er namnlaust, utan noko skilt eller annan indikasjon på kva det er som går føre seg. Medan det i det tidligare dømet var fleire kvinner som delte på dei kundane som responderte på annonsa til ei av dei, er det i dette tilfellet ei kvinne som er tilgjengeleg for kundar som svarer på annonsene til ulike annonsørar. Arbeidstida og tilgjengelegheita for den einskilde blir tilpassa pågangen av kundar.

Tilknytninga synest vere variabel: nokre av dei eg møtte var til stades på rimeleg fast basis, medan andre vart tilkalla etter behov, eller melde seg etter kva dei hadde høve til. Ein del av vederlaget for tenestene vart rekna som kompensasjon for leige av lokala og administrasjon av bedrifta.

San har tidlegare drive meir open verksemd, og har erfaring for at dette ikkje vart tolt. Arge naboar og aksjonistar har drive verksemda under jorda. Dører og vindusruter er blitt øydelagde for å jage henne frå staden. Ho veit kva det vil seie å gå i spissrotgang framfor eit opptog av demonstrantar og fotografar. Stadige flyttingar har drive kostnader og gjeld i været.

Aksjonane mot massasjeinstitutta var særleg hyppige på 90tallet, då mykje av prostitusjonen trekte seg vekk frå gata og innandørsmarknaden ekspanderte kraftig (Skilbrei 2001). Aksjonane var langt på veg vellukka i den forstand at mykje av verksemda forsvann frå synsfeltet. Det som heldt fram, gjorde det bak ein fasade som berre var attkjennande for dei innvigde. All form for oppsøkjande verksemd, av helsearbeidarar eller andre sosialarbeidarar, vart dermed vanskelegare.

Thip Hansen, eit andlet bak ei sladda annonse

Eg hadde sett annonsa hennar. Den dekkjer ei halv side. Teksten er kort: det viktigaste er dekknamnet og mobiltelefon-nummeret, som står med stor skrift. Biletet syner henne halvt påkledd. Andletet er vendt mot fotografen, men det er sladda, så det ligg i eit flimmer av tåke.

Så møter eg henne. Ho kjem i t-skjorte og joggebukser og har med seg ein pose epler som ho har lagt i saltlake på thailandsk vis. Det er ikkje mykje tåke i blikket ho rettar mot meg når ho helsar. Vi set oss overfor kvarandre på ei av dei romlege sengane på massasjeinstituttet der vi har vår første samtale. Dette er ein stad ho tidligare har hatt som arbeidsbase, og det er institutteigaren som har introdusert oss for kvarandre. Eg spør kva ho veit om arbeidet mitt og seier noko meir om formål, anonymitet og frivilligheit. Ho nikkar og seier seg interessert i å vere med. Så går vi inn i forteljinga.

Vi kan kalle henne Thip. Det er ikkje det ho presenterer seg som, eller brukte i annonseteksten, men det namnet ho framstår med der er heller ikkje identisk med det foreldra ein gong valde ut for henne. Thip er eit av mange sjølvvalde namn. Ho har lang trening i å halde styring på kva informasjon ho til eikvar tid gir frå seg, og kva som høyrer til kvar.

Undervegs i samtalen ringer mobiltelefonen eitpar gonger. Først er det barnevakta, kvinna som passar den treårige dottera medan mor er vekke. Thip svarar kjapt på thailandsk og eg forstår ikkje stort. Seinare ringer ein tydelegvis engelsktalande person. Då er ho kort og konsis: "I come to you or you to me? Ok. 1500 for a short while." Så vender ho umiddelbart tilbake til forteljinga. Den neste som ringer spør tydelegvis om noko ho ikkje vil vere med på, og ho avviser han utan tilleggs kommentarar: "Nei, eg er ikkje interessert." Når vi blir avbrotne for fjerde gang, er det ein ho let til å kjenne godt: "Du er jo full!" seier ho kontant. Ho spør om han ikkje har kome seg ut av hotellet enno, og ber han ringe att seinare.

Vi sit i to timar i strekk før vi begge må gå til andre ting. Då har vi gjort ein ny avtale, denne gongen heime hos henne. Treåringen, Anna, er då hos andre, men nærveret hennar er tydeleg i rommet: ein oransje liten plaststol ved sidan av hjørnesofaen der vi sit, kosedyr og småleiker dels i sofaen, dels på golvet, og ved terskelen til gangen ligg det to blå små sokkar. Veslejenta er dessutan lett synleg på dei mange bilda på veggane: med samanknipne auge den første dagen på sjukehuset, og i strandkanten saman med yngste storesøster, ho som bur hos faren i utkanten av Oslo. Nærveret av dei to halvsøskena i Thailand er også markert, Thip er firebarnsmor. I vinduskarmen er Anna ramma inn på arma til den eldre storesøstra i thailandsk skuleuniform, ho som bur saman med storebror hos mormor i Nordaust Thailand. Biletet av sonen står for seg sjølv. Det er eit portrett, også i skuleuniform.

På bordet framfor oss ligg to mobiltelefonar; ein jobbtelefon, og ein privat. I tillegg står der eit stort askebeleg, eit glas med pulverkaffe, og eindel annonseblad, mellom anna det eg såg i forkant av det første møtet vårt, det som har bilete av ei halvt avkledd kvinne med andletet i tåkedis.

Ingen som kjem inn i rommet, kan unngå å bli merksam på dei mange bileta på veggane, og leikene blant putene i sofaen. Thip let ikkje til å gjere noko for å skjule identiteten sin som mor for kundane sine. Det kan verke som det snarare er tvert om. Men dei får aldri treffe barna direkte. På det punktet er ho klar. Nokre av dei faste kundane har uttrykt eit sterkt ønskje om det, fortel ho. Men det vil ho ikkje utsetje barna for. Dei skal ikkje oppleve at mamma er saman med fleire ulike menn. Det veit dei ikkje, seier Thip, og det skal dei heller ikkje vite. Ho skal slutte før dei blir store nok til å forstå. Søstera i Thailand er ifølge Thip den einaste i familien hennar som er innforstått med måten ho tener pengar på.

Ho fortel om eit livsløp med mange vendepunkt og omskifte, om familieliv, samlivsbrot og vekslende arbeidsrammer i Thailand, Japan og Norge. Også her i Oslo har oppbrota vore mange. Thip har røynsle frå mange institutt og leilegheiter rundt om i byen. Nokre av desse stadane er no lagt ned, andre er enno igang. Ho hadde eit ekteskap bak seg då ho kom, og her i Norge har ho vore gift og skilt to gonger. Begge giftemåla medførte eit opphald frå prostitusjonen. Men begge gongane kom ho attende etter at ekteskapet skranta og gjekk i oppløysing.

Når Thip, mot slutten av den første samtalen i leilegheita, seier ja til ein kunde som gjerne vil kome, forhastar ho seg ikkje, men ber meg bli til ho får fortalt ferdig. Ho hentar meg ein cola frå kjøleskapet før ho kjapt kler seg om, rutinert og effektivt, frå joggebukse til raud ankelsid kjole, og held så fram forteljinga. Då kunden kjem på døra, tilbyr ho han ein dusj, slik vanleg er, og medan han er i dusjen rundar vi roleg av. Eg er slått over det eg oppfattar som eit aktivt ønskje om at eg skal vere til stades når kunden kjem. Det er eit høgt kompetansenivå ho syner fram.

På veg ut overhøyrer eg ei siste oppringing: eit spørsmål om Thip vil avertere i endå eit annonseblad. Ho avslår tilbodet som eit unødvendig utlegg. Interesse er stor nok som den er. Thip har suksess. Men ho drøymmer om eit anna liv, og gjer mykje for å handheve klare skille mellom prostitusjonsverksemda, og andre og viktigare aspekt ved livet hennar. Ho viser tydeleg at ho har faste reglar for korleis overlappingar kan eller skal gå føre seg, eller absolutt ikkje skal skje. Ho viser meg bilete frå eigedommen ho har kjøpt i Thailand, der mora og søstera no bur. Ho løsnar eit bilete og gir det til meg. Det er eit bilete av lotusdammen utanfor det nye huset. Mora går dagleg til marknaden med lotusblomster derifrå. ”Tenk om vi kunne leve av det!” seier ho.

Den frittstående posisjonen

Thip opererer som sjølvstendig næringsdrivande, og organiserer verksemda si sjølv. Bortsett fra annonsørane, har ho ingen mellommenn mellom seg og kundane. Interesserte menn kjem i kontakt med henne gjennom annonser på nettet og i den kulørte pressa, eller på aktuelle barar og restaurantar på byen. Etter avtale kan ho så kome heim til dei, eller til eit gitt hotellrom, dersom ho då ikkje tek imot dei i hennar eigen leilegheit, noko ho ofte gjer. Denne leilegheita, som også er heimen til henne og yngstedottera, er det berre ho som disponerer. Ingen andre møter kundane sine her.

Sjølv om ho no har valt å drive på eiga hand, har ho lang erfaring frå det å jobbe innanfor eit arbeidsfellesskap. I løpet av den tida ho har vore i massasjebransjen i Oslo, har Thip arbeidd innafør mange ulike rammer. På stader som med tydeleg skilting har gitt seg til kjenne som massasjeinstitutt, og bak dører der ingen ytre teikn har skilt dei ut ifrå andre dører i

oppgangen. Like før ho starta på eiga hand, jobba Thip saman med ei veninne, Lin, og møtte kundar heime hos henne.

Å jobbe i fellesskap hadde mange fordelar. Jentene hadde mykje selskap i kvarandre. Dei samarbeidde om praktiske oppgåver og var saman om risikovurderinga når dette vart aktualisert. Dei gjekk ut saman på kvelds- og nattestid. Takka vere Lins annonsering var kundetilgangen enkel. Det tok tid før Thip kjende seg klar til å sette inn si eiga annonse. Men det tette sambandet kunne også røyne på. Når tilgangen var laber, skapte konkurranse om kundane lett gnisningar jentene imellom. Forsøk på å kome utanom ei nedkorting av honoraret ved å møte kundane utanfor leilegheita, var eit hyppig konfliktgrunnlag.

Kvinner som jobbar sjølvstendig unngår den interne rivaliseringa. Dei forhandlar direkte med kundane, innkasserer heile det betalte beløpet og styrer dermed også unna tredjeparts-konstellasjonar som kan hevdist å vere på kant på lova. Dei får mykje trening i risikovurdering og relasjonshandtering. Men dersom vurderinga skulle svikte og ein truande situasjon skulle oppstå, står dei langt meir utsett til enn medsøstre som jobber i team.

Om handel, offer og ansvar

Ei prostitusjonskarriere har ein tendens til å bli forstått og framstilt som ei lineær utvikling fram mot eit tilvere fullstendig dominert og definert av denne verksemda. Men sal av seksuelle tenester er ei handling som kan knyttast til ulike livsforløp, arbeidsformer og sivilstatusar, der lite er ferdig definert og kan takast for gitt med omsyn til livsform og handlingsrom. Å kome til Norge frå Thailand med prostitusjonserfaring, vil ikkje nødvendigvis seie at karrieren blir gjenopptatt her. Når det skjer, skjer det etter tid.

Ifølge FNs definisjon av menneskehandel, er ei kvinne som er involvert i sal av seksuelle tenester å rekne for eit offer, dersom ein annan person drar nokon form for fordel av det ho gjer. Drivkrafta blir tillagt kriminelle element, i form av einskilde individ eller større ligaer, som utnytter og forfører.

Dersom salet av seksuelle tenester var del av ein opprinneleg plan, anten det skulle vere kvinnenens eigen eller andres, ville det vere naturleg å rekne med at dette ville byrje innan kort tid etter innreise. Så er sjeldan tilfelle. Prostitusjonen let oftare til å vere eit utslag av ein livssituasjon der alternativa er få. *Skal dette berre reknast som eit individuelt ansvar?*

Sluttord

Ingen tydelege teikn på menneskehandel

I dette prosjektet har det ikkje kome fram tydelege teikn på menneskehandel blant thailandske kvinner i Oslo. Materialet er begrensa, men konklusjonen er i samsvar med resultatet av JURKs gjennomgang av visumsøknader frå Thailand til Norge (Eljarbø og Eek 2004), og Pro Sentrets erfaring med omsyn til det som karakteriserer prostitusjonsmarknaden i Oslo.

Ut ifrå den undersøkjinga eg har gjort, er det ikkje organisert verksemd som har prega måten thailandske kvinner har kome til Norge på. Dei fleste har kome hit ved hjelp av personlege nettverk. Saman med, eller invitert av, ein norsk turist, eller gjennom kontaktar i det thailandske miljøet i Norge.

Å bli med ein turist heim er framleis ein vanleg måte for thailandske kvinner å kome til Norge på. I tillegg kjem slektningar og andre på besøk til dei som alt er etablerte her, og endel av desse får også varig tilknytning ved å inngå ekteskap med nokon dei møter gjennom det kontaktnettet dei då kjem inn i. Bakgrunnen til desse vil vere variert, og treng ikkje ha noko med turistnæringa å gjere.

Kom ikkje til Norge for å prostituere seg

Likevel den største gruppa av utanlandske prostituerte her til lands

Thailandske kvinner utgjer den største gruppa av utanlandske kvinner på prostitusjonsmarknaden i Norge. Inntoget på denne marknaden skjer imidlertid sjeldan umiddelbart etter innreise, men først etter eit tidsintervall som for nokre kan dreie seg om månader, for andre fleire år. Heller enn å vere ein del av den opprinnelege intensjonen med opphaldet her, blir salet av seksuelle tenester eit utkome av ein pressa livssituasjon.

Prostitusjonsmarknaden omfattar eit stort spekter av ulike arbeidsforhold, inkludert risikoen for utvikling av grove utbyttingssituasjonar. I den delen av marknaden som dette prosjektet har gitt innsyn i, har kvinnene vore der etter eige samtykke. Tenestene har vore organiserte av kvinnene sjølve, aleine eller i fellesskap. Det er ikkje dermed sagt at det ikkje er behov for iverksetjing av tiltak som aktivt og målretta kan leggje til rette for gode alternativ og reell valfridom.

Tilknytning gjennom ekteskap. Mykje står på spel

Mange av dei thailandske kvinnene i Norge har stort økonomisk ansvar og er under stort økonomisk press. Sjølv om dei stiftar familie i Norge og blir del av ein ny familie her, blir dei like fullt verande døtrer, søstre og mødrer til dei som vart att i heimlandet. Og forpliktingane og forventningane om økonomisk bistand til storfamilien der, vil heller auke enn minke etter ankomsten til Norge. Dei thailandske kvinnene er her på vegner av fleire enn seg sjølve.

Slik reglane no er for opphald i riket, er grensene til Norge i utgangspunktet stengde for folk frå den delen av verda som Thailand høyrer til. Dersom ekteskapet blir oppløyst før tre år har gått, går også grunnlaget for opphaldsløyvet i oppløysing, om det då ikkje blir tatt særlege omsyn, og søkjaren kan overtyde styresmaktene om gehalten i eit slikt krav. Det er mykje som står på spel for ei thailandsk kvinne som er gift i utlendighet.

Språkbarrierar og integrasjonsvanskar

Språkbarrieren er i mange tilfelle eit stort hinder for deltaking i arbeids- og samfunnsliv, sterkt medvirkande til utviklinga av eit isolert tilvere som innskrenkar sjansene til utvikling av eige handlingsrom. Thailandsk språk skil seg sterkt frå norsk, fonetisk som grammatikalsk. Få av dei som er her, har store kunnskapar i engelsk, som i mange andre tilfelle fungerer godt som alternativt kommunikasjonsmedium. Når grunnopplæringa og lese- og skrivefærdigleiken i eige morsmål dertil er lav, er utfordringa stor framfor den oppgåva det er å tileigne seg eit nytt språk.

Mange av dei thailandske kvinnene som er her uttrykker eit sterkt ønskje om å jobbe og har mykje å bidra med. Det er avgjerande for dei å få eit eige økonomisk grunnlag her. Sjølv om den formelle kompetansen er låg, har mange av dei brei arbeidserfaring og høg innsatsvilje.

Det når likevel ikkje langt dersom ein berre har få års skulegang, eller kjem hit som analfabetar.

Dei har lovfesta rett og plikt til opplæring i norsk språk. Men slik regelverket står idag, fell dei aller fleste med thailandsk bakgrunn utanom integreringsprogrammet for nykomne innvandrarakar i Norge, som elles ville ha kombinert språkundervisning med ei konkret, spesialtilpassa yrkesopplæring, samtidig som det ville gi tilhøyrse til eit sosialt miljø. For utanlandske kvinner som er her på grunnlag av familiesameining med ein norsk mann, kviler mykje av ansvaret for ei integrering i det norske samfunnet på ektefellens velvilje og kunnskap. Sjølv der intensjonane er dei beste, tyder mykje på at dette i mange tilfelle ikkje er nok.

Den vanskelege arbeidsmarknaden

Dei thailandske kvinnene som er her i landet, er ei ueinsarta gruppe. Den omfattar mange som lever i velfungerande ekteskap, og kvinner som er integrerte i det regulære arbeidslivet. Thailandske kvinner utmerkar seg som dyktige og arbeidssame, uredde for å ta i eit tak. Dei har lang erfaring med å organisere ein svært krevande kvardag, med mykje ansvar og store og samansette arbeid- og omsorgsoppgåver. Likevel er sjansane på den norske arbeidsmarknaden svært små for dei fleste.

Marknaden for det dei har å bidra med, er klart til stades. Nordmenn elsker thailandsk mat og reiser til den andre sida av jordkloden for å gå på kokekurs, medan høgt kompetente thailandske kokkar strevar med å sleppe til her med kunstene sine. Ulike former for massasje, spa og kroppspleie er meir etterspurd enn nokon gong, men thailandske kvinner som forvaltar stor kunnskap om eigen klassisk tradisjon på dette feltet, får liten sjanse til å praktisere dette utanfor samanhengar der prostitusjon inngår. Utøvinga er blitt knytta til eit vedvarande prostitusjonsstempel.

Å oppnå godkjenning av den kompetansen dei har, er vanskeleg for mange av dei thailandske kvinnene i Norge. Mykje kompetansen er av uformell karakter og sjølv der ordningane eksisterer for uttelling i det norske systemet, når informasjonen om dette i svært mange tilfelle ikkje fram.

Formalisering av føreliggjande kompetanse

Den kunnskapen thailandske kvinner forvaltar, t.d. på massasjeområdet, blir i dag ikkje godkjend på den norske arbeidsmarknaden. Mange av dei kan dokumentere at dei har deltatt på kurs og fått opplæring i den klassiske thailandske tradisjonen, utan at dei oppnår nokon uttelling for dette her. Dersom thai massasje vart knytta til eit institusjonalisert undervisningsopplegg her i Norge, som ein del av det mangfaldige alternative eller komplementære helsetilbodet det etter kvart er gitt rom for her til lands, ville det kunne bidra til å skape ein reell sjanse for mange thailandske kvinner til å få brukt ein viktig del av kompetansen sin på ein legitim arena. Dette ville imidlertid kreve at grunnleggjande føresetnader for å kunne delta i eit slikt undervisningsopplegg var på plass.

Den frivillige registerordninga for utøvarar av alternativ behandling representerer ein annan sjanse for utøvarar av klassisk thai-massasje til å få presentert tenestene sine innanfor ei seriøs ramme. Kvalitetssikringa er her ikkje knytta til noko bestemt undervisningsopplegg. Men det

å skaffe seg denne informasjonen og gjere seg nytte av slike ordningar krev gode kunnskaper i norsk språk og samfunn, eller aktivt tilrettelagt bistand.

Andre tiltaksforslag: for integrering og sjølvstende

Mykje ville vere vunne ved ei inkludering av thailandske kvinner i introduksjonsprogrammet for nykomne innvandrarak til Norge, eller i eit spesielt tilpassa opplegg som på tilsvarande vis kunne sørge for systematisk innføring- og opplæring i norske samfunnsforhold, med grundig innføring i lovar, reglar, rettar, plikter, t.d. norsk ekteskapslovgiving, økonomisk ansvar og forsørgerplikt, skilsmisse og separasjonstid.

Deler av dette kunne, i samarbeid med ambassaden i Bangkok, byrje før avreise frå heimlandet, for så å følgjast opp her.

Deltaking i introduksjonsprogrammet ville også ført med seg eit systematisk og individuelt tilpassa kvalifiseringsopplegg for det norske arbeidslivet.

Tildeling av etableringsstøtte og mikrolån ville gjort det meir mogleg for mange å setje i verk inntektsgivande foretak og småbedrifter som gatekjøkken/take-away, catering og matlagingskurs.

Tilrettelegging av praktisk og konkret bistand og rettleiing i spørsmål knytta til orientering i byråkratiet, skjemaufylling, jurisk bistand etc ville fremje utsiktene til ei sjølvstendig stilling. Dette kunne gjerast i samarbeid med eksisterande organisasjonar, eller ved oppretting av eit eige senter for formidling av kontakt til kvalifiserte assistentar.

Identifisering og vidarekvalifisering av ressurspersonar fra det thailandske miljøet (t.d. morsmålslarar) blir ein viktig lekk i gjennomføringa av tiltak som desse.

Referansar og utvalt litteratur

Atkinson, Jane Monnig and Shelly Errington (red.) 1990. *Power and difference. Gender in island Southeast Asia*. Stanford, California: Stanford University Press.

Ban Ying. 1994. *The traffic in foreign women in Berlin. A description of the present situation*. Berlin: Ban Ying Coordination Center.

Bishop, Ryan and Lillian S. Robinson. 1998. *Night market. Sexual cultures and the Thai economic miracle*. Now York and London: Routledge.

Brunovskis, Anette og Guri Tyldum. 2004. *Crossing borders. An empirical study of transnational prostitution and trafficking in human beings*. Oslo: Fafo.

Cooper, Robert and Nanthapa. 1982. *Culture shock! Thailand*. Singapore: Times Book International.

Eljarbø, Andrea og Synnøve Eek. 2004. *Visumsøkere fra Thailand. En studie av visumsøknader til Den Kongelige Norske Ambassade i Bangkok 2002*. Oslo: Juridisk Rådgivning for Kvinner.

Høigård, Cecilie og Liv Finstad. 1986. *Bakgater. Om prostitusjon, penger og kjærlighet*. Oslo: Pax.

IOM. 2003. World migration 2003. *Managing migration. Challenges and responses for people on the move*. IOM World migration report series vol.2. Geneva: IOM.

Kempadoo, Kamala and Jo Doezema (red.) 1998. *Global sex workers. Rights, resistance, and redefinition*. New York and London: Routledge.

Kramvig, Britt & Kirsten Stien. 2002. *Grenseløs verdighet?* Rapport 2002:7, Alta: NORUT Finnmark AS.

Kristvik, Ellen. 2002. *Nepali sex workers. Narratives of violence and agency*. Avhandling for dr.polit graden, Sosialantropologisk institutt, UiO.

Kristvik, Ellen. 2003. "Den prostituerte" i *Nytt Norsk Tidsskrift*. Nr.3. s.243-252.

Lim, Lin Lean (red.) 1996. *The sex sector. The economic and social bases for prostitution in Southeast Asia*. Geneva: International Labour Office.

Lisborg, Anders. 1998. *Købte kroppe – om prostitutionsrelateret migration fra Thailand til Danmark*. Roskilde Universitetscenter.

Lisborg, Anders. 2002. "Bodies across borders: Prostitution-related migration from Thailand to Denmark." i Susanne Thorbek og Bandane Pattanaik (red.) 2002. *Transnational prostitution. Changing global patterns*. London: Zed Books.

Ljoså, Tone. 2001. *Utlendingsforskriften paragraf 37, 6.ledd. Oppholdstillatelse for utenlandske kvinner etter samlivsbrudd*. Oslo: Juss-Buss ved Institutt for kriminologi og rettssosiologi, UiO.

- Lyttleton, Chris. 2000. *Endangered relations. Negotiating sex and AIDS in Thailand*. Amsterdam: Harwood Academic Publishers.
- Mills, Mary-Beth. 2002. *Thai women in the global labour force. Consuming desires, contested selves*. New Brunswick, New Jersey and London: Rutgers University Press.
- Müller-Nielsen, Morten. 1998. *Prostitusjon på bortebane. Rapport om kvinner med utenlandsk bakgrunn som seljer seksuelle tjenester i Oslo*. Oslo: PION.
- NOU 1997: 23. *Seksuallovbrudd*. Justis- og politidepartementet. (Norges offentlige utredninger).
- NOU 2003: 31. *Retten til et liv uten vold. Menns vold mot kvinner i nære relasjoner*. Justis- og politidepartementet. (Norges offentlige utredninger).
- Phongpaichit, Pasuk. 1982. *From peasant girls to Bangkok masseuses*. Geneva: ILO.
- Pro Sentret. 2003. Årsrapport.
- Punternvold Bø, Bente, Maja Rasmussen og Nina Aannestad. 2004. *Barn og ungdom med innvandrerbakgrunn på norske barnevernsinstitusjoner*. HiO-rapport 2004 nr.19
- Singhanetra-Renard, Anachalee. 1997. "The mobilization of labour migrants in Thailand: Personal links and facilitating networks." I M.Kritz og L.L.Lim og H.Zlotnik (red.) *International migration system – A global approach*. Oxford: Clarendon Press. S. 190-204.
- Skilbrei, May-Len. 1998. *Når sex er arbeid*. Oslo: Pax Forlag A/S.
- Skilbrei, May-Len. 2001. "The rise and fall of the Norwegian massage parlours: Changes in the Norwegian prostitution setting in the 1990's" i *Feminist Review*, nr. 67, s.63-77
- Smaadahl, Tove, Helene Hernes og Liv Langberg. 2002. *Drømmen om det gode liv. En rapport om utenlandske kvinner, gift med norske menn, som måtte søke tilflukt på krisesentrene i 2001*. Oslo: Krisesentersekretariatet og Tanaprojektet.
- St.meld.nr.49 (2003-2004). *Mangfold gjennom inkludering og deltakelse. Ansvar og frihet*. Kommunal- og regionaldepartementet.
- Suchart Prasith-Rathsint (red.) 1989. *Thailand's national development: Social and economic background*. Bangkok: Thai University Research Association and CIDA.
- Sætre, Marianne. 2000. *Grenseoverskridende kjønnshandel i Oslo. Strategisk analyse 20/2000*. Etterrettingsseksjonen, Oslo Politidistrikt.
- Thorbek, Susanne og Bandane Pattanaik (red.) 2002. *Transnational prostitution. Changing global patterns*. London: Zed Books.
- Thitsa, K. 1980. *Providence and prostitution*. London: Change International Reports.

Truong, Than Dam. 1990. *Sex, money and morality. The political economy of prostitution and tourism in South East Asia*. London: Zed Books, 1990.

Van Esterik, Penny. 2000. *Materializing Thailand*. Oxford and New York: Berg.

Wijers, Marjan & Lin Lap-Chew. 1997. *Trafficking in women. Forced labour and slavery-like practices in marriage, domestic labour and prostitution*. Utrecht: STV